

Kronstad-  
tunnelen  
Lengde 475 m

# Årsmelding 2023

Foto: Thor Brødreskift

SAMAN  
OM



Miljøløftet



# Føreord

*Miljøløftet er namnet på samarbeidet om byvekstavtalen for bergensområdet, der målet om null vekst i personbiltrafikken står sentralt. Avtalen er inngått mellom Samferdselsdepartementet ved Statens vegvesen og Jernbanedirektoratet, Kommunal- og distriktsdepartementet ved Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og kommunane Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden. Bompengepakken Bypakke Bergen (Prop 11 S), som er geografisk avgrensa til Bergen kommune, er også del av Miljøløftet.*

I årsmeldinga oppsummer vi aktiviteter og tiltak som var finansiert gjennom Miljøløftet i 2023. Vi rapporterer også på eit sett med indikatorar som skal vise om vi når måla i avtalen, og vi gir status på økonomien i Miljøløftet.

Eitt av høgdepunkta i 2023 var opninga av dei nye sykeltunnelane Fyllingsdalstunnelen og Kronstadtunnelen i april. Med desse har syklande, gåande og joggande fått ei samanhengande ferdselsåre heilt frå Fyllingsdalen, via Minde, Kronstad og Haukeland, og vidare til sentrum. Fyllingsdalstunnelen er til og med verdas lengste i sitt slag, og har fått mykje merksemd i både nasjonale og internasjonale medium.

Alver og Øygarden kunne i 2023 markere opning av sine første Miljøløftet-prosjekt, ei utbetring av Kvamsbrek-

ko langs Skarsvegen og ein ny kulvert for gåande og syklande under Idrettsvegen på Straume. Samtidig er fleire prosjekt på trappene i både Bjørnafjorden og Askøy.

Personbiltrafikken har vore prega av pandemien dei seinaste åra, og det har derfor vore interessant å sjå korleis trafikken ville utvikle seg i eit år utan koronarestriksjonar. Byindeksen viser at det ikkje var ein trafikkauke i 2023 samanlikna med referanseåret 2018. Vi kan dermed seie at nullvekstmålet er oppnådd også i år. Utviklinga er likevel urovekkande. Trafikken har auka kvart år sidan 2020, og om vi samanliknar 2023 med 2022 var det ein auke i personbiltrafikken på 1,1 prosent. Om denne utviklinga held fram, vil vi til neste år ikkje nå målet om nullvekst.

Meir gledeleg er det at det har vore ein auke i bruk av kollektivtrafikk. Etter år med pandemi var det i 2023 fleire kollektivreisande enn i referanseåret 2018. Dette gjeld særleg for bybanen, der noko av årsaka er opninga av bybanelinja til Fyllingsdalen. Men også buss, båt og jernbane har hatt ein auke i tal påstigande.


Samla sett blir det spennande å følgje utviklinga i reisevanane vidare. Det er uansett behov for fortsett satsing og fleire gode Miljøløftet-prosjekt framover.




# Innhold

Føreord	2
Nøkkeltal økonomi 2023	4
Status økonomi	4
Status måloppnåing	5
<b>Miljøløftet</b>	<b>10</b>
Om Miljøløftet	11
Organisering	12
Styring	13
<b>2023</b>	<b>14</b>
Milepælar 2023	15
2023 i tal	16
Satsingsområde: Gange og sykkel	19
Satsingsområde: Kollektiv	31
Satsingsområde: Innfartsparkering	34
Satsingsområde: Miljøvennleg teknologi og innovasjon	35
Tiltak utanfor satsingsområde/ Andre tiltak	38
Effektiv arealbruk	41
Kommunikasjon og arbeid i sekretariatet	44
Bypakke Bergen	47
<b>Økonomi</b>	<b>48</b>
Oversikt	49

# Nøkkeltal økonomi 2023



# Status økonomi




# Status måloppnåing

Miljøløftet si måloppnåing blir talfesta gjennom indikatorar som er bestemt i byvekstavtalen. Trafikkutviklinga for persontransport med bil blir stadfesta gjennom byindeksen. Dette er hovudindikatoren for nullvekstmålet. Det er også eit sett støtteindikatorar som skal gi eit heilskapleg bilete av transport- og arealutviklinga i avtaleområdet. Desse inkluderer teljing av kollektiv- og sykkeltrafikk, arealbruk, parkering, utslepp av klimagassar (CO<sub>2</sub>-ekvivalentar) og reisevaneundersøking (RVU).

## Hovudindikator

Byindeksen måler utvikling i trafikkmengde i ei rekke teljepunkt i heile avtaleområdet. Tala for 2023 målast opp mot referanseåret 2018.




Byindeksen viser at trafikkmengda i 2023 var den same som i 2018 (0 % endring), og at nullvekstmålet dermed er oppfylt. Det er likevel viktig å merke seg trenden i byindeksen si utvikling. Etter ein vesentleg nedgang i trafikken i åra 2019–21, som i stor grad skuldast koronapandemien, går utviklinga oppover. Byindeksen blir formelt målt på eit treårs glidande gjennomsnitt. Det treårige snittet er derfor framleis prega av åra med pandemi. Om vi isolert sett ser på trafikkmengda i 2023 i forhold til 2022, ser vi at den gjekk opp med 1,1 prosentpoeng. Om denne utviklinga held fram, vil vi til neste år ikkje nå målet om nullvekst.


## Byindeks 2018–2023



Bruken av kollektivtrafikk vart også prega av pandemien, men har vore på veg opp igjen sidan den gang. I 2023 var bruken av kollektivtransport samla sett endeleg høgare enn i referanseåret 2018. I særleg grad gjeld dette bybanen som vart brukt 63,4 prosent meir i 2023 enn i 2018. Mykje av den utviklinga kan tilskrivast den nye bybanelinja til Fyllingsdalen, som opna i november 2022. Likevel ser vi at talet for både buss, båt og jernbane også er høgare enn i referanseåret. Det har alt i alt vore ei svært positiv utvikling for kollektivbruken i avtaleområdet.




### Kollektiv (påstigingar)




Sykkelindeksen viser ei negativ utvikling frå 2022 til 2023, og er 4,6 prosent lågare enn i 2018. Rapporteringane frå sykkelindeksen har gitt store variasjonar i tal i avtaleperioden. Det er sett i gang arbeid med å få betre teljingar av syklande. Tal på syklistar i dei nye sykkel tunnelane Fyllingsdalstunnelen og Kronstadtunnelen, som opna i april 2023, er ikkje med i sykkelindeksen. Det vart registrert høvesvis 140 551 og 206 326 syklistar i dei to tunnelane i 2023.

Sidan 2018 har det vore ein nedgang i utslepp av klimagassar. Denne trenden heldt fram i 2022. Dette er det seinaste året vi har måling for, ettersom tala rapporterast eitt år på etterskot.

## CO<sub>2</sub> frå vegtrafikk



## Sykkelindeks




Reisevaneundersøkinga viser antal reiser per dag og fordelinga mellom dei ulike transportmidla. Her er det interessant å sjå at andelen reiser som blir tatt med bil gradvis har gått nedover dei siste åra. Denne utviklinga heldt fram i 2023, med ein nedgang frå 2022 på to prosentpoeng. Dette står i motsetning til den trenden vi ser for byindeksen, som viser auke i biltrafikken sidan 2022. Det er usikkert kva årsaka til dette er.

Medan prosentandelen bilreiser gjekk litt ned i bergensområdet, auka andelen som brukte sykkel og kollektiv. Også for dei fire siste åra ser vi den same utviklinga.

### Reisemiddelfordeling 2023


Endringane i reisemiddelfordelinga er i prosentpoeng.




### Turar per person, per dag



#### Utvikling 2018–2023



### Reisemiddelfordeling 2018–2023







Arealutvikling for boliger indikeres ved å måle gjennomsnittlig avstand fra nye boliger til definerte sentra. Avstanden blir sammenlignet med snittavstanden til alle boliger i 2018.

Boliger	2018 (alle boliger)	2022-2023 (nye boliger)	Endring
Alver (Knarvik)	14 175 m	7 637 m	-46 %
Askøy (Kleppestø)	7 283 m	6 979 m	-4 %
Bergen (gj. snitt for 7 punkter)	2 891 m	2 404 m	-17 %
Bjørnafjorden (Osøyro)	9 162 m	5 117 m	-44 %
Øygarden (Straume)	13 699 m	13 023 m	-5 %
<b>Totalt</b>	<b>9 442 m</b>	<b>7 032 m</b>	<b>-26 %</b>



Arealutvikling for arbeidsplasser indikeres ved å måle gjennomsnittlig avstand fra nye besøks- og arbeidsplassintensive arbeidsplasser til definerte sentra. Avstanden blir sammenlignet med snittavstanden til arbeidsplasser i 2018.

Besøks- og arbeidsplassintensive arbeidsplasser	2018 (alle arbeidsplasser)	2022-2023 (nye arbeidsplasser)	Endring
Alver (Knarvik)	12 581 m	5 398 m	-57 %
Askøy (Kleppestø)	5 109 m	3 714 m	-27 %
Bergen (gj. snitt for 7 punkter)	2 070 m	2 506 m	21 %
Bjørnafjorden (Osøyro)	5 365 m	5 654 m	5 %
Øygarden (Straume)	11 856 m	5 907 m	-50 %
<b>Totalt</b>	<b>7 397 m</b>	<b>4 636 m</b>	<b>-37 %</b>



Utvikling i parkering indikeres ved å telle antall parkeringsplasser innenfor en definert sone i kommunens regionsenter. Kolonnen "endring" viser endring i antall p-plasser siden 2018\*.

Parkeringsplasser	2018	2023	Endring
<b>Alver</b>	<b>1 646</b>	<b>1 875</b>	<b>229</b>
Andel tidsbegrenset**	61 %	61 %	
Andel avgiftsbelagt	0 %	0 %	
<b>Askøy***</b>	<b>1 926</b>	<b>1 683</b>	<b>-243</b>
Andel tidsbegrenset	28 %	77 %	
Andel avgiftsbelagt	0 %	0 %	
<b>Bergen* (2019 vs 2023)</b>	<b>12 786</b>	<b>12 680</b>	<b>-106</b>
Andel tidsbegrenset	10 %	8 %	
Andel avgiftsbelagt	89 %	95 %	
<b>Bjørnafjorden</b>	<b>690</b>	<b>712</b>	<b>22</b>
Andel tidsbegrenset	23 %	48 %	
Andel avgiftsbelagt	0 %	43 %	
<b>Øygarden</b>	<b>3 471</b>	<b>3 284</b>	<b>-187</b>
Andel tidsbegrenset	72 %	71 %	
Andel avgiftsbelagt	8 %	8 %	

\* For Bergen er antall p-plasser sammenlignet med 2019 (ikke 2018)

\*\* For selve Knarvik senter er parkeringsbestemmelsene endret fra 3 timer til 2 timer gratis parkering.

\*\*\* Endringer skyldes i stor grad anleggsarbeid knyttet til utbygging på Myrane. Tallet vil sannsynligvis gå opp igjen når området er bygget ut.

Del

01

# Miljøløftet



# Om Miljøløftet

Gjennom byvekstavtalene samarbeider dei tre forvaltningsnivåa stat, fylkeskommune og kommune om det nasjonale målet om nullvekst i persontransport med personbil. Miljøløftet er namnet på samarbeidet om byvekstavtalen for Bergensområdet.

Avtalen er inngått mellom Samferdselsdepartementet (med Statens vegvesen og Jernbanedirektoratet), Kommunal- og distriktsdepartementet (med Statsforvaltaren i Vestland), Vestland fylkeskommune og

kommunane Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden. Bompengepakka Bypakke Bergen (Prop. 11 S) er også ein del av Miljøløftet, men avgrensar seg geografisk til Bergen kommune.

Miljøløftet skal bidra til ei framtidretta utvikling av Bergensområdet. Byvekstavtalen sikrar ein meir heilskapleg bruk av verkemiddel enn det partane kan oppnå kvar for seg, fordi den omfattar statlege, fylkeskommunale og kommunale tiltak både på areal- og transportområdet. Prosjekt og tiltak i Miljøløftet skal bidra til å nå nullvekstmålet og til eit miljøvennleg, effektivt og trygt transportsystem som gir god mobilitet for innbyggjarar og næringsliv.

## Byvekstavtalen



## Bypakke Bergen



**Gange og sykkel**

Det skal bli meir attraktivt å vere mjuk trafikant. Tilbodet til gåande og syklande skal bli betre utbygd og meir trafiksikkert.

**Kollektivtransport**

Det skal bli meir attraktivt å reise kollektivt. Suksessfaktorar for kollektivtransporten er høg frekvens, god framkome og god kapasitet. Bybanen er basisen i bystamlinjennettet, medan buss, båt og tog dekkar dei regionale stamlinjene.

**Innfartsparkering**

Innfartsparkeringsplassar skal redusere sentrumsretta arbeidsreiser i rushtida, og bidra til at fleire reiser kollektivt. Dette gjeld primært arbeidsreiser med det sentrale Bergen som mål.

**Miljøvennleg teknologi og innovasjon**

Utvikling innan klima- og miljøvennlege transportløyningar, låg- og nullutslepps-teknologi, ladeinfrastruktur, digitalisering og teknologiutvikling.

# Organisering

## Styringsgruppa

Styringsgruppa har hovudansvaret for styring og koordinering av Miljøløftet, basert på prinsipp om porteføljestyring og mål- og resultatstyring. Medlemmane er ordførarar eller byråd frå dei fem kommunane, fylkesordførar og representantar frå dei statlege partane. Dei avgjer kva for prosjekt som skal prioriterast og korleis pengane i Miljøløftet skal brukast.

## Prioriteringsrådet

Prioriteringsrådet består av representantar frå administrasjonen hos partane og fungerer som eit forberedande og rådgjevande organ for styringsgruppa. Som regel vert saker handsama i prioriteringsrådet, som foreslår vedtak, før det vert handsama av styringsgruppa.

## Samordningsfunksjonen

Samordningsfunksjonen skal samordne prosjektforslag for å legge til rette for god porteføljestyring. Den skal avvege faglege, tverrfaglege og geografiske

problemstillingar. Funksjonen skal sikre god kvalitet i utfylling av prosjektark og vurdere prosjekta opp mot kvarandre. Samordningsfunksjonen arbeider på vegne av alle partane i Miljøløftet.


## Geografiske arbeidsgrupper

Miljøløftet har fire geografiske arbeidsgrupper, med ansvar for kvar sin del av avtaleområdet. Dei fire arbeidsgruppene er: Nord-aust (Alver kommune og bydelane Åsane og Arna), Vest (Øygarden og Askøy kommunar, og ytre del av Laksevåg bydel), Sør (Bjørnafjorden kommune og bydelane Fana og Ytrebygda) og Sentrum (Bergenhuis, Årstad, Fyllingsdalen og Indre Laksevåg). Arbeidsgruppene er sett saman på tvers av etatar og vurderer prosjekta innafør sitt område .

## Sekretariatet

Sekretariatet er eit saksforberedande organ som koordinerer samarbeidet og oppfølginga av byvekstavtalen på vegne av alle partane i Miljøløftet, og legg til rette for god porteføljestyring og rapportering av økonomi og måloppnåing. Sekretariatet har også eit særskilt ansvar for kommunikasjon.

### Organisasjonskart



# Styring

## Porteføljestyring

Alle partane kan spele inn forslag til tiltak eller prosjekt som skal bidra til å nå nullvekstmålet. Forslaga blir samla i ein prosjektportefølje, som er utgangspunktet for porteføljestyring. Porteføljestyring vil seie at prosjekta blir prioritert basert på ei heilskapleg vurdering av

måloppfylling, disponible midlar, samfunnsøkonomisk lønnsemd, planstatus og kapasitet på planlegging og gjennomføring. I tillegg skal arealutvikling vere ein del av vurderingsgrunnlaget for porteføljestyringa.

### Porteføljestyring i Miljøløftet



## Årleg avgjerdsprosess

- Basert på innspelte prosjekt, arbeider samordningsfunksjonen og prioriteringsrådet saman med sekretariatet fram forslag til fireårig handlingsprogram
- Styringsgruppa behandlar forslag til handlingsprogram for Miljøløftet i mars. Deretter blir det sendt til lokalpolitisk behandling i Vestland fylkeskommune og dei fem kommunane før sommaren.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av dei statlege midla, er styringsgruppa sitt innspel til Statsbudsjettet. Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett (Prop.1 S) blir lagt fram i oktober med etterfølgande behandling i Stortinget.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av fylkeskommunale midlar, er styringsgruppa sitt innspel til fylkesbudsjettet. Fylkesbudsjettet blir behandla i Fylkestinget i desember.
- Kvart år rapporterer Miljøløftet på kostnad og måloppnåing gjennom årsmeldinga.

Del  
**02**

2023



# Milepælar 2023

2023

Januar

Februar

Mars

April

Mai

Juni

Juli

August

September

Oktober

November

Desember

2024



**1. mars**  
1. mars: I mars vart bompengetakstane for elbilar dobla.  
Foto: Statens vegvesen



**3. mai**  
Opning av Kulvert i Idrettsvegen på Straume i Øygarden.  
Foto: Anders Kjetland



**20. juni**  
Byggestart i Kvernhusdalen, Askøy, vart markert av ordførar Siv Høgtun.  
Foto: Henriette Sandstå



**22. august**  
Markering av første spadetak for ny gang- og sykkelveg i Sagstadvegen, Alver.  
Foto: Anders Kjetland



**15.–16. april**  
Opningshelg for gang- og sykkelvegen frå Fyllingsdalen til sentrum, inkludert Fyllingsdals-tunnelen og Kronstadtunnelen.  
Foto: Thor Brødreskift



**8. juni**  
Fylkesordførar Jon Askeland klipper snora under opninga av Kvamsbrekko, Alver.  
Foto: Erlend Otterå



**20. september**  
Lansering av samkøyringsprosjektet i Askøy og Øygarden, i samarbeid med Skyss og Nabogo.  
Foto: Kristian Amlie

# 2023 i tal



Denne oversikta gir eit forenkla bilete av kva Miljøløftet har produsert i 2023. Det blir rapportert på strekningar som er ferdigstilte det aktuelle året. Definisjonen av ferdigstilt er at "endeleg løysing er tatt i bruk". Dermed vil delar av eit prosjekt som er tatt i bruk teljast med, sjølv om ikkje heile prosjektet er ferdig.

### Sykkel og gange

Det er ulike måtar å telje kor mange meter sykkel- og gangveg som er bygd. Vi har vald å telje begge retningane for dei strekningane som har høg kvalitet, og som legg godt til rette for to-vegs trafikk med eigen trasé for kvar retning. Gode løysingar med fortau/sykkelfelt på begge sider av ein bilveg blir til dømes talt to gonger. Ein sykkelveg med fortau blir talt dobbelt for sykkel

(om løysinga har to-vegs trafikk med eigen trasé for kvar retning) og enkelt for fortau, med mindre det er fortau på begge sider av sykkelvegen.


### Kollektivtransport

Det er også ulike måtar å telje kor mykje kollektiv infrastruktur som er bygd. Vi har vald å telje ferdigstilte strekningar inneverande år. Ettersom ein ikkje kan ta i bruk infrastruktur for kollektivsystem før heile anlegget er ferdig, blir det her rapportert på framdrifta i prosjekta det gjeldande året. På same måte som for sykkel og gange tel vi begge retningar for løysingar som har to-vegs trafikk med eigen trasé for kvar retning.



# Satsingsområde: Gange og sykkel

## Bergen




### Gange og sykkel

1. E39 Sykkelstamveg Bergen, ds. 5, Kristianborg–Bergen sentrum
2. Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate
3. Fv5200 Infrastruktur Paradis
4. Fv5216 Håkonshellavegen, Alvøen–Myraskjenet
5. Fv5348 Haugeveien, Nordnesparken, Margaretastredet (Nordnes II)
6. Gang og sykkel langs Bybanen B4
7. Hjeltestadvegen
8. E39 Sykkelstamveg Bergen, ds. 2, Nesttun–Skjold
9. E39 Sykkelstamveg Bergen, ds. 6b+c Bradbenken–Glass knag
10. Fv585 Haukelandsveien
11. Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Natlandsveien
12. Fv540 Allestadvegen–Skarphaugen
13. Fv585 Straksløsning for sykkel Christies gate–Bradbenken
14. Apeltunveien strakstiltak
15. Fv5028 Kjøkkelvikvegen, Fæsterhuset–Krabbedalen
16. Fv5200 m.fl. Tunvegen–Jacob Kjødesveg
17. Fv5306 Hesthaugveien, Åsane terminal, Morvikvegen
18. Fv574 Bjørgeveien, Bjørndalsbrottet–Lyderhornsveien
19. Fv558 Lyderhornsveien, kryssutforming ved Tennebekk
20. Fv564 Salhusvegen, Ulsetstemmaslettstølvegen
21. Fv582 Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle
22. Fv582/Kv5312 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft)
23. Fv585 Natlandsveien sør, WierJensensvei–Nye Sædalsveien
24. E39 Sykkelstamveg Bergen, ds. 1, Skeie–Rådal
25. E39 Sykkelstamveg Bergen, ds. 3, Nesttun–Fjøsanger
26. E39 Sykkelstamveg Bergen, ds. 4, Fjøsanger–Kristianborg
27. E39 Sykkelstamveg Bergen, ds. 5, Fjøsanger/Solheimsgt.–Fabrikkgt.
28. Fv556 Fjøsangerkrysset

- Ferdigstilt /under bygging
- Prosjektering
- Planlegging

# Satsingsområde: Gange og sykkel

## Handlingsplan for sykkel og handlingsplan for gange i Bergen kommune



# Satsingsområde: Gange og sykkel

Miljøløftet skal styrke konkurransekrafta til gåing og sykling, og gjere det meir attraktivt å vere mjuk trafikkant i bergensområdet. Dette gjer vi gjennom investeringar i gang- og sykkelveggar og andre tiltak som fremjar gåing og sykling.

Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2022. Gjennomgangen inkluderer også nokre planprosjekt som har finansiering utanom Miljøløftet, men som det ligg an til at ein nyttar Miljøløftet-midlar til å byggje. Lista er sortert etter høvesvis kommune og prosjektstatus. Merk at fleire av desse tiltaka også bidreg til måloppnåing for andre satsingsområde.

## Bergen

### Påbegynte eller ferdigstilte prosjekt Gang- og sykkelveg langs Bybanen BT4

I 2023 ble den tre kilometer lange Fyllingsdaltunnelen, som er verdens lengste tilrettelagte gang- og sykkel tunnel, ferdigstilt. Tunnelen er innredet i det som også er rømningstunnel for Bybanen, som går parallelt med gang- og sykkel tunnelen.

Den 475 meter lange Kronstadtunnelen mellom Kronstad og Møllendal åpnet også i 2023. Tunnelen, som opprinnelig er en gammel jernbanetunnel fra 1907, er både en døråpner for gående og syklende mellom bo- og studiemiljøene i Årstad, og en rask og trygg vei til sentrum fra Mindemyren og bydelene i sør.

Med de to tunnelene er det nå mulig å sykle på sykkelvei hele veien fra Fyllingsdalen til Bergen sentrum. Totalt ble det åpnet 3975 meter ny sykkelvei og 3475 meter ny gangvei i 2023 som del av bybanen sitt byggetrinn 4.

### E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg – Bergen sentrum.

Siste del med 6 km to-felts sykkelveg og 5,5 km fortau, inkludert Kronstadtunnelen åpnet 15 april 2023. Ferdigstillelsen og åpning av delstrekning 5 medfører at det er sammenhengende sykkelveg (2-felts med gul midtstripe) fra Fyllingsdalen via Fyllingsdaltunnelen, via Kristianborg til Bergen sentrum

### Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate

Det pågikk noe restarbeid i 2023, blant annet endringer i krysset pga. trafikksikkerhetsrapporten og godkjenning av signal- og skiltplan.

### Hjellestadvegen

Ny gang- og sykkelveg og opprusting av Hjellestadvegen på strekningen fra Blomsterdalen til Ådland bru. Prosjektet bidreg til at det er meir attraktivt å gå og sykle. Opprustinga av vegen har gitt betre framkome for kollektiv og anna transport. Tiltaket starta i 2017 og skulle ha vore ferdig i 2019, men vart dessverre forsinka. I 2022 vart avsluttande arbeider lyst ut på nytt og tiltaket sto ferdig i 2023.

### Infrastruktur Paradis

Som ledd i den fortsettende utbygginga av området er eksisterande vegtrasear justert og utvida. Gang- og sykkeltilbodet frå Statsminister Michelsens veg mot Tunvegen er oppgradert med ny lenke for mjuke trafikkantar mellom Tunvegen og Jacob Kjødesveg. Busshaldeplassar ved Paradis skule er oppgradert. Tiltaket starta opp vinteren 2021. I 2024 er det venta montering av en 42m lang ny gang- og sykkelbru av kompositt over Nesttunveien og bybanesporet.

### Fv. 5216 Håkonshellavegen, Alvøen – Myraskjenet

Strekninga frå Alvøen til Myraskjenet omfattar etablering av gang- og sykkelveg, busshaldeplassar, samt oppgradering av køyrevegen for å gi betre framkome for kollektivtrafikken. Tiltaket vart prosjektert i 2021, og starta opp i august 2022. Tiltaket er venta å stå ferdig våren 2024.

### Fv. 540 Allestadvegen – Skarphaugen

På strekninga frå Allestadveien til Skarphaugen i Fyllingsdalen er eksisterande sykkelveg med fortau vida-reført langs nyetablert kollektivfelt frå Kroatjønnveien til Foto Knudsen. Tiltaket vart prosjektert i 2021-2022 og realisert i 2023.

### Straksløsning for sykkel på strekninga Christies gate – Bradbenken

Tiltaket er ein midlertidig sykkeltrasé gjennom sentrum fram til strekninga skal rustast opp som del av bybaneprojektet til Åsane. Dette er ei kompleks oppgåve på grunn av svært avgrensa plass. I 2022 og 2023 har prosjektering og byggesakshandsaming av tiltaket

haldt fram og dialog med kommunen og berørte parter. Delar av sykkeltraseen er raudmerka i 2023.

### Fv. 5348 Haugeveien, Nordnesparken, Margarettredet (Nordnes II)

Det er bygd eit oppgradert gatetverrsnitt med brostein og med sykkelvenleg overflate i sykkeldelen og oppgraderte fortau. Løysinga legg opp til sykling i blanda trafikk grunna låg trafikkmengd og fart. Endeleg sluttoppgjær vart utbetalt i 2023.

### Program for teljing og analyse av fotgjengarstrumar og åtfærd

Telleprogrammet har kartlagt fotgjengarvolumet i 20 ulike snitt i Bergen sentrum i 2023. Det er i tillegg kjøpt inn utsyr slik at ein kan auke omfanget av teljingane til å inkludere 40 nye punkt i 2024.

Vidare har konsulent utført ein meir detaljert analyse av åtfærdsmønstre og trafikk i utvalde område i sentrum. I denne analysen har også framkome og trafikktryggleik blitt kartlagt ved bruk av videoanalyse og kunstig intelligens.

### Klaus Hansens vei m/fl.

Prosjektering ble ferdigstilt i 2023. Det planlegges for utprøving av sykkelprioritert gate som første pilotprosjekt i Bergen kommune i 2024. Ved positive resultater fra pilotprosjektet, vil det vurderes om sykkelprioriterte gater kan benyttes i flere kommunale gater som inngår i Sykkelstrategi for Bergen 2020-2030.

### Oppfølging av handlingsplan for sykkelsetning i Bergen kommune

Bergens sykkelstrategi ble vedtatt i 2020, med påfølgende handlingsplan i 2021. Tidshorisonten for planen er fire år, men med et blick fram mot 2030. I handlingsplanen for 2021-2024 er det lagt spesielt vekt på fysiske tiltak, som tilrettelegging av infrastruktur, sykkelparkering og dekkefornyning.

I 2023 ble det arbeidet med 26 større og mindre sykkeltiltak i bydelene Arna, Bergenhus, Fana, Fyllingsdalen, Laksevåg, Årstad og Åsane. Størrelsen på tiltakene spenner fra oppmerking og synliggjøring, til større infrastrukturoppgraderinger som f.eks. sykkelveg med fortau. Noen strekninger må reguleres og det pågikk tre reguleringsplaner i 2023, hvorav Krohnåsvegen ble avsluttet grunnet hensyn til natur og kulturmiljø. Tiltak i Krohnåsvegen vil begrenses innenfor eksisterende eiendomsgrenser. I tillegg til infrastruktur er det også arbeidet med utplassering av nye sykkelstativer. Totalt ble det etablert over 150 nye sykkelparkeringsplasser i Bergen i 2023.

Prosjektene listet opp under var ferdige eller under bygging i 2023, og ble helt eller delvis finansiert av belønningsmidler til Bergen kommune i 2023:

- **Krohnengsgaten:** Utvidelse av fortau og etablering av nye sykkelstativ samt sykkelservicepunkt ved inngang til Fredens bolig i nærhet til Krohnengen skole.
- **Lyngfaret:** Etablering av fortau fra skole til idretts-hall. Syklende prioriteres ved eget areal hvor det samtidig forekommer innsnevring i kjørebane. Det legges opp til sykling i blandet trafikk ved bruk av delesymboler.
- **Åsane og Årstad:** Samling av flere mindre tiltak som bedrer forholdene for gående og syklende i bydelene Åsane og Årstad. Herav utvidelse av eksisterende GS-veger, separering av gående og syklende, sykkelpassasje og justering av avstand mellom bom for å gi bedre fremkommelighet for syklende.
- **Dokkeveien:** Etablering av sykkelveg med fortau mellom Møhlenpris busstopp og parkeringsgarasje i Dokkeveien.
- **Rasmus Meyers Allé:** Justering av sving i sykkelveg ved gangfelt i Rasmus Meyers Allé.

### Handlingsplan for gange

Hovedinnsatsen innenfor bygging av gangetiltak ble lagt ned i Loddefjord, på Laksevåg og i Indre Arna. I tillegg har det blitt gjennomført grunnverv og prosjektering av nye tiltak. Prosjektomtalen under er fordelt på postene «Gangveier til kollektivtraseer» og «Oppfølging av gåstrategi». Alle tiltak som gjennomføres hentes fra Handlingsplan for gange 2022 til 2025.

I 2023 ble det arbeidet med rundt 30 gangetiltak i bydelene. Tiltakene er i hovedsak forbindelser som gjør det mer effektivt å gå, og en korter ned på avstander til kollektivholdeplasser, skoler og andre viktige målpunkt. Størrelsen på tiltakene varierer, men er i gjennomsnitt relativt små. Noen strekninger må reguleres. I 2023 har det pågått to reguleringsplaner, begge på Laksevåg.

Tilbudet til gående blir også styrket gjennom andre typer tiltak, som sykkeltiltak og gateoppustingsprosjekter. I slike prosjekter vil en alltid ha fokus på at tilbudet til de gående blir bra.

Prosjektene listet opp under var ferdige eller under bygging i 2023:

Gangveier til kollektivtraseer:

- Loddefjord: Etablering av 7 gangetiltak.



Deler av en midlertidig sykkeltrasé gjennom sentrum ble rødmerket i 2023. Foto: Anders Kjetland



Håkonshellavegen blir opprustet, og ventes å stå ferdig våren 2024. Foto: Vestland fylkeskommune



Ny sykkelveg langs nyetablert kollektivfelt i Allestadvegen stod klar i 2023. Foto: Anders Kjetland



Nytt sykkelfelt i Slettebakksveien. Foto: Andreas Frøyseth Lind



Snarveien i Hetleviksåsen. Foto: Per Aas Moen



Siste del av sykkelstamvegen mellom Kristianborg og sentrum har kommet på plass. Foto: Statens vegvesen

- Årstad: Oppgradering av en viktig tverrforbindelse mellom Kalfarveien og Kalvedalsveien.
- Indre Arna: Ferdigstilling av den siste av i alt 7 forbindelser inn mot jernbanestasjonen i Arna. Dette er traseer som gjør det å gå både tryggere og mer konkurransedyktig som transportform.

### Bysykkelordningen i Bergen

Bysykkelordningen ble innført sommeren 2018 og er et viktig strategisk virkemiddel for økt sykling og økt fleksibilitet i kollektivtilbudet. Tilbudet finansieres med bidrag fra Bergen kommune, Miljøløftet, brukerbetaling og sponsorat.

Antall turer i 2023 var 467.862 turer, en nedgang på 67.452 turer. Dette utgjør en nedgang på 12 %. Det var en økning i antall unike brukere fra 15.300 til 16.300. Totalt siden åpningen sommeren 2018 har det vært gjennomført 3,77 millioner turer.

Nytt av året var utvidelse til Fyllingsdalen i april i forbindelse med åpningen av Fyllingsdalstunnelen. Det er nå 12 stasjoner i Fyllingsdalen.

Totalt har bysykkelordningen i Bergen nå 1000 bysykler og 120 stasjoner. Driftsavtalen er på 8 år og løper til mai 2026. Bergen kommune har startet et arbeid med evaluering og analyse av dagens ordning og eventuell fremtidig ordning.

### Sykkelbyen Bergen

Bergen er en del av det nasjonale «Sykkelbynettverket», og målet er å øke sykkelandelen ved mer bruk av myke virkemidler som kampanjer, markeringer og arrangementer, samt bruk av sosiale medier. Kommunikasjon gjennom Facebook med 9700 følgere er primærkanalen i tillegg til Instagram med 1500 følgere.

Hovedaktiviteter har vært Sykle til jobben kampanjen og informasjon om nye tiltak for syklende som sykkelparkering, sykkel-skap og sykkelveier. Markeringen av åpningen av den nye sykkel-tunnelen i april var og en milepel med mange tusen deltagere på sykkelparaden.

Sykkelbyen Bergen gjennom Bymiljøetaten i Bergen kommune er del av et EU-prosjektet «Active Cities» som startet i 2022 og skal vare til 2026. Prosjektet skal fremme økt bruk av sykkel, gange, kollektiv og delmobilitet gjennom ulike tiltak og kampanjer. Bergen sitt mål er å øke bruken av den nye sykkelveien fra Fyllingsdalen til sentrum.

### Trygg sykkelparkering

Sykkel-skapene er låsbare og gir bergenserne et trygt

sted å parkere. Det er nå syv ulike steder med sykkel-skap i Bergen, seks i offentlig regi og en i privat (Lagunen). De offentlige skapene er i sentrum (tre steder), Landås (to steder) og Fyllingsdalen terminal.

Bruken av skapene er økende og i 2023 ble de brukt 4633 ganger (en økning på 36% siden 2022), av 882 unike brukere. Gjennomsnittlig parkeringstid er to timer og femtito minutter.

### Prosjekt under prosjektering Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun – Skjold

Prosjekteringsarbeidet pågikk i 2023. Det ble avholdt markedsdialog før sommeren 2023, i tillegg ble det gjennomført befaringsarbeid med entreprenører om gjennomføring av sprengningsarbeid tett på Bybanen. Konkurranseskrutlaget ble kunngjort i Doffin/TED like før årsskiftet. Konkurransen gjennomføres som en konkurranse med forhandlinger, og det vil pågå forhandlinger i 2024. Byggestart siste kvartal 2024.

### Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6 b+c, Bradbenken – Glass Knag

Prosjekteringsarbeid ble ferdigstilt og konkurransegrunnlag kunngjort i Doffin/TED i juni 2023. Konkurransen med forhandlinger pågikk høsten 2023. Byggestart våren 2024.

### Fv. 5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Natlandsveien oppgradering av sykkel-felt/fartspu-ter

Gata mellom Birkeveien og Vilhelm Bjerknæs vei skal oppgraderast og gateparkering fjernast. Tiltaket vil oppgradere haldeplassar, etablere fartsreducerande tiltak og stramme opp kryss. Tilbodet til syklende vert meir attraktivt og det vert auka trafikktryggleik for alle trafikantgrupper. Tiltaket koordinerast med arbeider med uteområdet og etablering av «kiss & ride» ved Langhaugen videregående skole. Prosjektering starta i 2022 og har haldt fram i 2023.

### Fremkommelighetstiltak sykkel

Mindre tiltak for å betre syklistanes framkome, til dømes ved bruk av raud asfalt/raudmerking i sykkel-felt, nedsenking av fortauskantar, skilting og oppmerking m.m. på fylkesveg. Det har i 2023 pågått arbeid med prosjektering av mindre framkomsttiltak for realisering i 2024, blant anna korrigerande tiltak, merking etc. i Salhusveien, Hillerenveien, og i Kringsjøvegen.

### Fv. 5190 Apeltunveien

Gjennom ulike strakstiltak skal ein betre tilhøva for mjuke trafikantar (særskilt gåande). Tiltak som er aktuelle er vurdering av fartsgrense, belysning, oppgrade-

ring av kryssingspunkt og fortau, utbetre sikt, skilting og utforming av avkøyrsler og kryss der det er mogleg utan reguleringsplan. Prosjektering starta opp i 2023.

### Birkeveien m/fl, avlasting av Nattlandsveien

Forprosjekt i 2021 viste sykkelprioriterte gater som den anbefalte løsningen på Nymark, Birkeveien m.fl. Redusert kapasitet i 2023 medfører oppstart med detaljprosjektering i 2024. Prosjektet forventes ferdigstilt i løpet av 2026.

## Under planlegging

### Oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing

Prosjektene listet opp under var under planlegging i 2023 og ble helt eller delvis finansiert av budsjettposten i 2023. Se øvrig omtale av posten ovenfor under Pågående og ferdigstilte prosjekt.

- **Olaf Ryes vei:** Etablering av sykkelveg og fortau i eksisterende veg med forbud mot motorisert trafikk. Eksisterende sykkelfelt i Harald Hårfages gate forlenges i begge ender, slik at det vil være et sammenhengende sykkelnett fra kryss Olaf Ryes veg x Ole Vigs vei og frem til Allégaten x Strømgaten.
- **Damsgård-Småpudden:** Tilrettelegging for sykkel på Damsgård fra Gabriel Tishendorfs vei til Småpudden. Prosjektet er i 2023 splittet i 3 deler:
  1. **strekningen Lien-Småpudden** som kan realiseres i 2024.
  2. **Damsgård-Småpudden** reguleringsplan som i all hovedsak detaljregulerer Gyldenprisveien. Delprosjektet har lengre tidshorison, men innenfor strategiperioden. Det er gjennomført varsel om planoppstart og folkemøte i 2023.
  3. **Gabriel Tischendorfs vei-Frydenbølien** med pågående detaljprosjektering og byggesak i årsavslutningen 2023
- **Wiers-Jenssens vei:** Tilrettelegging for sykkel mellom Nattlandsveien og Hagerups vei gjennom Wiers-Jenssens vei og Vilhelm Bjerknes vei. I 2023 var det pågående reguleringsplan, med gjennomført folkemøte høsten 2023.
- **Nonnekloppen til Florida:** Sykkelveg med fortau på siste strekket fra Nonnekloppen til Florida. Inneberer også kaianlegg.
- **Benshaugen:** Utvidelse av eksisterende GS-veg/fortau.
- **Haakon Sheteligts plass:** Forprosjekt pågikk i 2022. Strekningen skal sees i sammenheng med pågående regulering i nærområdet, og mindre tiltak planlegges gjennomført i strategiperioden.
- **Krohnåsvegen:** Detaljregulering avsluttet i 2023 uten vedtak. Det planlegges for mindre tiltak for å bedre forholdene for særlig skolebarn og trygg-

hetsøkende syklistar innenfor eksisterende eieomsforhold. Tiltakene sees i sammenheng med prosjektet Sykkelstamveg Bergen: Rådal-Nesttun.

- **Littleåsvegen:** Tilrettelegging for sykkel mellom Liamyrane i vest og Liavegen i øst. Strekningen inngår ikke i offentlig utbyggingsfase 1, og grunnet høye kostnader til nødvendig grunnerv og etablering av tiltaket, er det foreløpig valgt å stille prosjektet i bero.
- **Kronstadhøyden:** Pilotprosjekt for sykkelprioritert gate i Klaus Hanssens vei gjennomføres i 2023. Forprosjekt for hele Kronstadhøyden gjennomført.
- **Lakslia:** Omklassifisering av kjøreveg til GS-veg i Lakslia. Avventer politisk behandling.
- **Løbergsveien:** Tilrettelegging for sykkel i Løbergsveien. Det endelige tiltaket er ikke bestemt, men foreløpig innføring av delesymboler og oppstramming av kryss/avkjørsler er under detaljprosjektering.
- **Nymark øst:** Planlegger pilot for sykkelprioritert gate. Forprosjekt ferdigstilt. Detaljprosjektet starter opp i 2024.

### Handlingsplan for gange

Prosjektene listet opp under var under planlegging i 2023 og ble helt eller delvis finansiert av Miljøloftet i 2023. Se øvrig omtale ovenfor under overskriften «Handlingsplan for gange»:

#### Gangveier til kollektivtraseer

##### Loddefjord

- Ny forbindelse mellom Hetlevikåsen og idrettsanleggene i langs kommunal veg Lyngfaret
- Fridalsveien: Fortauet fra Inndalsveien og opp mot studentboligene skal få en mer tydelig avgrensning og det skal etableres benker, settes ned trær etc. for å bidra til å gjøre området mer attraktivt for gående. Det gjøres og tiltak for gående i krysset mot Schweigårds vei i form av benk, trær.

##### Årstad

- Oppgradering av gangforbindelsene sør-øst for Haukeland sykehus.
- Forbindelse fra Gerhard Grans vei til Bybanen.

##### Indre Arna

- Etablering av forbindelse fra oppe i Seimsheia og ned til Garnes ungdomsskole.

##### Sandviken

- Etablering av forbindelse mellom Gutenbergsbakken og Persenbakken.

##### Åsane

- Handlingsplan gange har 17 gangetiltak i Åsane. Status for prosjektet pr 31.12.23 er at grunnervsavtaler er på plass for de fleste av tiltakene. Prosjektutvikling og bygging vil pågå i 2024 og 2025.

## Oppfølging av gåstrategi

### Bønes

- Etablering / oppgradering av en forbindelse mellom Øvre Bergveien og Bergveien. Tiltaket vil gi en stor gevinst for med trapper i Bergveien, Kråkenes.
- Trapp gangforbindelse mellom Tjørnhaugen og Fjelldalen på Bønes.

### Fyllingsdalen

- Handlingsplan gange har 15 gangetiltak i Fyllingsdalen. Status for prosjektet pr 31.12.23 er at grunnervervsavtaler er på plass for de fleste av tiltakene. Prosjektutvikling og bygging vil pågå i 2024 og 2025.

### Laksevåg

- Etablering av forbindelser i tilknytning til veiene Øvre Stadionvei, Skoglien og Løvtakkveien. Dette er tverrforbindelser som gjør at det blir raskere og tryggere å ta seg frem til fots i området.

## Fv. 582 Storetveitvegen, Hagerupsveg (Minde Alle'Wergeland) I

Reguleringsplan for eit trafikksikkert tilbod for gåande og syklande. Tiltaket vil og betre tilhøva for kollektivreisande. Det vert planlagt sykkelveg med oppgraderte fortau, haldeplassar og trygge kryssingspunkt for mjuke trafikantar frå Hagerupsvei til Wergeland. Tiltaket inneber at vegbane/rundkøyring/forholda for køyrande mv. vert utbetra.

Planforslag vart oversendt kommunen januar 2021. Vedtak om utlegg til offentleg ettersyn juni 2022. Offentleg ettersyn 28.8-11.10.2022. I 2023 har arbeid med ferdigstilling av plan haldt fram.

## Fv. 582 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups veifantoft), sykkelanlegg I

Strekninga har dårleg tilbod i dag, med smal felles gang- og sykkelveg. Strekninga ligg som utbyggingsfase 1 i sykkelstrategi for Bergen, med svært høgt potensiale for syklande. Tiltaket vil gi god samanheng med sykkelveg som er under planlegging vidare nordover mot Mindemyren. Planforslag oversendt kommunen des. 2019. Høyring hausten 2021. Handsaming av merknader i 2022. Justert planforslag har vore under utarbeiding i 2023.

## Fv. 564 Salhusvegen, Ulsetstemma – Slettestølvegen I

Tiltaket er reguleringsplan for ny sykkelveg med fortau langs Fv. 564/5300 Salhusvegen mellom Ulsetstemma og Slettestølsvegen som manglar tilbod i dag. Prosjektet vidarefører gang- og sykkelvegprosjektet på søraustleg del av Salhusvegen, som er ferdig etablert. Eksisterande køyreveg med tilhøyrande kryss, avkøyr-

ler og haldeplassar skal også utbetrast.

Planen hadde formell oppstart november 2018. Planutkast er oversendt Bergen kommune 26.10.2021. Bergen kommune fatta vedtak om utlegging til offentleg ettersyn 16.06.2022. Merknadshandsaming og prosjektoptimalisering har pågått i 2023.

## Fv. 574 Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet-Lyderhornsveien I

Tiltaket skal gi betre og tryggare framkome for mjuke trafikantar på strekninga. Løysinga på strekninga har i dag variabel standard som vekslar mellom smale fortau og blanda GS-veg skilt frå vegbana med midtrekkverk. Prosjektoptimalisering og vurdering av kostnadsreduserande tiltak er starta opp i 2023.

## Fv. 5200 m.fl. Tunvegen-Jacob Kjødesveg gang- og sykkelveg I

Detaljplan for Tunvegen – Jacob Kjødes veg skal sikre gjennomførbarheit for det fyrste byggetrinnet knytt til områdeplanen for Paradis sine regulerte samferdselsformål. Gjeldande områdeplan for Paradis sentrum (planID 60760000) viser formålmessig den ferdige løysinga.

Omlagging av infrastruktur, nye gater, fortau, gang- og sykkelveg og nye leidningar til vann- og avløp samt overvatn, krev meir areal enn områdeplanens (planID 60760000) regulerte samferdselsareal i anleggsfasen. Der det er samanfallande utbygging av tilstøytane byggeområder og infrastruktur, lar dette seg løyse gjennom avtalar og koordinering i byggefasen. Planutkast har vore på 2. gangs avgrensa høyring. Ferdigstilling av endeleg planutkast har pågått i 2023.

## Fv. 558 Lyderhornsveien, kryssutforming ved Tennebekk næringspark I

Tiltaket gjeld regulering av ny kryssløysing ved Tennebekk næringsområde. Det er trong for kanalisering og betre høve for myke trafikantar og auka trafikksikkerheit i kryss/avkøyring ved næringsområdet. Punktet er eit registrert ulukkespunkt, der det har skjedd alvorleg sykkelulukke. Grunnboringar er utført. Oppstartsmøte fann stad 26.02.21. Vedtak om formell planoppstart aug. 2021. Silingsrapport er utarbeidd. Planforslag er under utarbeiding.

## Fv. 585 Natlandsveien sør, Wiers Jenssens vei – Nye Sædalsveien I

Fv. 585 Natlandsveien frå Hagerups vei til Birkelundstoppen skal regulerast. Strekninga er ei viktig kollektivåre og er viktig for syklande, gåande og køyrande. Dagens tilbod er svært variabelt og mangelfullt.





Nye Kvamsbrekko opna i juni. Foto: Erlend Otterå




På Myrane skal det etableres trafiksikker infrastruktur til skoler, idrettshall og helsetun. Foto: Vestland fylkeskommune



Byggearbeidet i Kvernhusdalen startet opp i november 2023. Foto: Bjarne Nesse



Arbeidet med ny trafiksikker infrastruktur i Sagstadvegen starta opp i 2023. Foto: ...



... Foto: ...

Strekninga er ulukkesutsett, og framstår ikkje som attraktivt for mjuke trafikantar. Bussane blir forseinka av kø. Kollektivhaldeplassar har behov for utbetring/ny lokalisering. Forprosjekt vart gjennomført i 2021 som grunnlag for vidare regulering. I 2023 er det gjennomført oppstartsmøte og fylkeskommunen har sendt over planinitiativ og stadanalyse til Bergen kommune.

#### **Fv. 5028 Kjøkkelvikvegen, Fæsterhuset – Krabbedalen**

Det skal regulerast for samanhengande, trafiksikkert gang- og sykkeltilbod langs Kjøkkelvikveien, Kjøkkelvik skule-Fæsterhuset. Det manglar tilbod og strekninga er belasta med tunge køyretøy. Det vil bli sikrere skuleveg, og tiltak i skuleområdet. Tiltaket vil betre trafikktryggleiken og gi betre framkome og haldeplassfasilitetar for kollektivtrafikken. Det er ønskeleg å realisere tiltaket samanfallande i tid med etablering av permanent vassforsyning frå Bergen til Askøy. Utarbeiding av planinitiativ inkl. enkel stadanalyse har haldt fram til våren 2023.

#### **Fv. 5306 Hesthaugveien, Åsane terminal, Morvikvegen**

Det skal regulerast eit oppgradert sykkelanlegg mellom Åsane terminal og Haukedalen skule. Hesthaugveien ved krysset til Midtkleiva er registrert ulykkespunkt og det skal m.a. etablerast venstresvingefelt. Dette vil betre høva for kollektivtrafikken og gi meir føreseieleg og effektiv framkomst og sikre kryssande fotgjengarar over Hesthaugveien. Planinitiativ inkl. enkel stadanalyse vart oversendt kommunen 13. des. 2022. Resurssetting og prosess for oppstart har pågått i 2023.

#### **Testtiltak sykkelinfrastruktur Bergen sentrum**

Det er arbeidd med å finne løysingar for å teste ut "pop-up" sykkelinfrastruktur i Bergen sentrum (kortvarige testtiltak). Det er ferdigstilt eit forprosjekt for korleis ein kan legge betre til rette for sykling ved fisketorget og til Torgallmenningen, ved å omdisponere vegareal. Tiltaka vil vere mellombelse og krevje lite ombygging. Tilrådd løysing etablerer sykkelveg i eit av dagens køyrefelt på det meste av strekninga.

#### **Fv. 556 Fjøsangerkrysset**

Det er utarbeida skisser til eit forbetra tilbod til mjuke trafikantar på vestsida av fv. 556 Fjøsangerkrysset i koplingane mot sykkelstamvegen, delstrekningane 3 og 4, og nytt separat tilbod til mjuke trafikantar på strekninga mellom koplingane på Straumeveien/Fjøsangerveien.

#### **Fv. 585 Haukelandsveien**

Det er starta forprosjekt for heilskaplege løysingar for gåande, syklende og kollektivreisande frå Fløenbakken/Årstadveien i nord, til Ibsens gate/Idrettsveien i sør. Det er krevjande å finne gode løysingar for alle trafikantgrupper då arealet er avgrensa. Forprosjektet skal kartlegge alternative løysingar og tilrå kva som skal vera den framtidige løysinga for dei ulike trafikantgruppene på strekninga.

#### **SYKKELSTAMVEG**

##### **E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5b, Fjøsanger/Solheimsgaten – Fabrikkveg**

Delstrekningen binder sammen sykkelstamvegen over Mindemyren med eksisterende tilbod langs Solheimsgaten på vestsiden av E39. Tiltaket består av kryssing av E39 i plan med prioritering for syklende. Lengden er ca. 400 m langs E39 Fjøsangervegen. Endring av løysing har medført behov for ny oppstart av offentlig detaljreguleringsplan, gjennomført høst 2022, parallelt med pågående planarbeid. Planarbeidet inkluderer også en strekning på ca. 100 m langs fv. 5328 Fabrikkveg. I utførelsesfasen planlegges det for at riksvegtilbudet langs E39 bygges først.

##### **E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 1, Skeie – Rådal**

Parsellen er 1,7 km, og går langs Rv. 580 Flyplassvegen fra Skeie til Rådal. Prosjektet vil binde sammen Kokstad og Sandsli med bydelscenteret Lagunen. Prosjektet er ikke prioritert til bygging i Miljøloftets handlingsprogram i perioden 2024-2027. Prosjektet vil ferdigstille arbeidet med reguleringsplanen, men ble ikke tildelt midler i 2023. Planarbeidet vil fortsette i 2024. Det er sett på kostnadsbesparende tiltak og mulighet for inndeling i byggetrinn.

##### **E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3, Nesttun – Fjøsanger**

Strekningen er 4,3 km lang og følger Vossabanen fra Skjoldskiftet på Nesttun til Gamlehaugen på Fjøsanger. Prosjektet vil bedre trafiksikkerheten på strekningen ved å skille gående og syklende, og på den måten gi syklende bedre fremkommelighet. Reguleringsplanforslaget ble oversendt Bergen kommune i oktober 2020, og lagt ut på høring og offentlig ettersyn i oktober 2022, etter vedtak i Bergen kommune i juni 2022. I 2023 ble innspill og merknader til planforslaget behandlet og arbeid med justeringer med planen startet. I tillegg blir det jobbet med kostnadsreducerende tiltak og inndeling i byggetrinn.


##### **E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 4, Fjøsanger – Kristianborg**



Tiltaket består i oppgradering av dagens delvis manglende tilbud fra Gamlehaugen på Fjøsanger til Kristianborg Bybanestopp. Dagens tilbud har flere ulykkesutsatte punkt med mange konflikter mellom gående, syklende og bilister i boligater. Strekningen er 1,7 km, og binder sammen tilbudet sørover fra sentrum mot Kristianborg som åpnet 15. april 2023 med strekningen fra Fjøsanger mot Nesttun og Rådal. Planarbeidet pågår. Det ble levert utkast til silingsrapport i juni 2021. Etter mottatte uttalelser til silingsrapporten ble det i 2022 besluttet å gå vidare med planlegging av forenklet løsnig i den søndre delen mellom Gamlehaugen og Kristianborgvannet, og fullverdig løsnig i den nordre delen mellom Kristianborgvannet og bybanestoppet på Kristianborg.

# Satsingsområde: Gange og sykkel

## Alver, Askøy, Øygarden og Bjørnafjorden



### Gange og sykkel

1. Fv5476 Kvamsbrekko
2. Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen
3. Kulvertanlegget Knarvik
4. Fv 5452 Leknesvegen
5. Fv5254 Kleppevegen ved Myrane
6. Kv1158 Kvernhusdalen gang- og sykkelveg
7. Kv1156 Skarholmvegen
8. GS-løysing langs Nilsavegen
9. Fv552 Hatvikvegen
10. Kv1027 Gymnasvegen del 2
11. Åsen-Helleskaret GS-veg
12. Fv5150 Trolldalen-Lepsøyvegen
13. Kv1146 Kulvert Idrettsvegen
14. Kv1136 Sentrumsgate Grønmyrsvegen
15. Bysyklar i regionsenteret
16. Fv 209 Stovevatnet og parsell av Foldnesvegen
17. Fv561 Ågotnes Miljøgate – plan
18. Sykkelparkering i regionsenteret

- Ferdigstilt /under bygging
- Prosjektering
- Planlegging

## Alver

### Påbegynte eller ferdigstilte prosjekt Kv. 1023, Kv1056, Regionsenteret Knarvik. Kulvert under vegområde, G/S-veg, fortau og turvegar.

Dette har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Statens Vegvesen og Alver kommune som gjeld ombygging av E39 gjennom Knarvik med mellom anna ny oval rundkøyring og ein større undergang mellom bustadfeltet Såta og ny barneskule. Alver kommune har arbeidd med prosjektet i mange år som eit bærande element i Knarvikplanen.

Prosjektet inkluderer eit nett av trasear for gåande og syklande. For å få alt dette på plass har Alver kommune bygga og kosta eit omfattande leidningsnett i undergrunnen. Oppå denne infrastrukturen er det så etablert den sentrale delen av det framtidige gang- og sykkelvegnettverket i Knarvikbyen.

Prosjektet vart ferdigstilt til sommaren 2023 og offisielt opna med festivitas den 29. august.

### Fv. 5476 Kvamsbrekko 1

I Kvamsvåg er det etablert tilbod for mjuke trafikkantgrupper og betre framkome for kollektiv- og næringstransport. Det er etablert fortau og meir trafikksikre avkjørslar på strekninga som var svært trafikkfarleg og utan tilbod for mjuke trafikantar. Tiltaket inngår i eit samanhengande tilbod for mjuke trafikantar. Tiltaket starta opp februar 2022 og opna for trafikk sommaren 2023.

### Fv. 5308 Utbetring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune 1

Ein skal etablere ny trafikksikker infrastruktur med oppgradert vegkropp, ny gang- og sykkelveg, fortau og ny busshaldeplass på strekninga mellom rundkøyring ved Frekhaug senter med sin kollektivsentral og Sagstad skule, inkludert det store idrettsanlegget på Sagstad. Tiltaket vart lyst ut i 2023 og er under bygging. Tiltaket realiserast som opsjon på Frekhaugkryset.

## Prosjekt under prosjektering

### Fv. 5452 Leknesvegen 1

Det skal etablerast ny infrastruktur med fortau og avkjørsllesanering mellom eksisterande fortau fram til krysset til Hillesvåg, forbi kollektivterminal og mot bustadområde mot Kleivdalsvegen og Apalen. Dette er i dag ei smal strekning der manglande fortau fører til at mange ungar ikkje får lov til å gå eller sykle. Prosjektering og grunnverv starta i 2023.

## Askøy

### Påbegynte eller ferdigstilte prosjekt Kv. 1158 Kvernhusdalen 1

Det etableres gang og sykkelveg i Kvernhusdalen. Strekingen er del av hovednettet for sykkel og er også skoleveg til Kleppe skole. Anlegget vil gi et nytt tilbud til myke trafikanter i området. Byggearbeidet i Kvernhusdalen startet opp i mai 2023 og parallelt med arbeidet med gang- og sykkelveg etableres det også nytt VA-anlegg i samme trasé. Gang- og sykkelvegen vil stå ferdig i mai 2024.

### Fv. 5254 Kleppevegen ved Myrane 1

Det skal etableres ny trafikksikker infrastruktur til Kleppstø barneskole, Kleppstø ungdomsskole, Askøy videregående skole, Askøyhallen og Helsetunet. Avkjørslar skal stenges og ny felles avkjørsel (rundkøyring) til området etableres sammen med ny gang og sykkelvei/fortau, busshaldeplass og "kiss and ride". Tiltaket ble prosjektert fra 2021 til våren 2023 og lyst ut sommeren 2023, med forbehold om godkjenning i kommunestyret. I november 2023 startet riving av hus og rigg av anlegget.

### Oppfølging av sykkelstrategi 1

I juni 2022 ble Sykkelstrategi for Askøy kommune med handlingsdel vedtatt i kommunestyret. Tiltak i handlingsdelen er blant annet trygg sykkelparkering og utredning av mulighet for en elektrisk sykkelordning, og dette jobbes det med. I 2023 har Vestland fylkeskommune jobbet med en felles rammeavtale for trygg sykkelparkering for avtalekommunene, hvor Askøy kommune har vært inkludert i deler av arbeidet. Askøy kommune har gjennomført en spørreundersøkelse om mobilitet blant sine innbyggere, for å få et bedre bilde av valg av transportformer og hvordan det oppleves å være myk trafikant i kommunen.

### Planleggingsmidler Askøy kommune 1

Planleggingsmidlene til Askøy kommune brukes til utvikling av nye prosjekter og oppfølging av prosjekter i vedtatt handlingsprogram, samt annet arbeid i Miljøløftet og arbeidsgruppe Vest. I 2023 ble det blant annet brukt midler til et samkjøringsprosjekt i samarbeid med Skyss og Øygarden kommune, oppfølging av trygg sykkelparkering og arbeid med kollektivprioritering på innfartsårer til Bergen. Det er gjort forarbeid til mobilitetsstrategi for Askøy og det er gjennomført en kartlegging av snarveier for Kleppstø-området. Det er arbeidet med kollektivtilbud opp mot Skyss og med planlegging av utadrettet virksomhet som Sykle til jobben og den Europeiske mobilitetsuken. Muligheten for

å etablere delebilordning på Askøy er utredet i 2023. Det er også jobbet generelt med gange og sykkel i planleggingsarbeid i Askøy kommune og kommunikasjonsarbeid.

## Prosjekt under planlegging

### Kv. 1156 Skarholmvegen

Skarholmvegen er en kommunal veg og del av vedtatt hovednett for sykkel mellom Kleppestø og Ravnanger. Skarholmvegen er ca. 1,5 km og ca. 700 meter er helt uten tilbud for myke trafikanter. Strekingen har et stort potensial for å øke andelen gående og syklende mellom to folkerike områder, Strusshamn og Kleppestø. Tiltaket vil også være positivt for innbyggernes tilgjengelighet til kollektivknutepunktet på Kleppestø. I 2023 er det jobbet med forprosjekt til reguleringsplan.

## Bjørnafjorden

### Påbegynte eller ferdigstilte prosjekt

#### Kv. 1128 Nilsavegen

Prosjektet vart ferdigstillt i 2022. Mindre avsluttande arbeid utført i 2023.

#### Kv. 1027 Gymnasvegen del 2

Prosjektet vart gjennomført som planlagt og ferdigstillt i 2023. Noko avsluttande arbeid kjem i 2024.

#### Åsen-Helleskaret GS-veg

Konkurranseutlysning vart gjennomført i første halvdel av året, kontrakt tildelt i mai 2023. Byggjearbeidene for totalprosjektet starta opp i august 2023.

### Prosjekt under prosjektering

#### Fv. 5150 Trolldalen –Lepsøyvegen

Det har pågått arbeid med prosjektering og grunnnavtalar i 2023. Prosjektet er snarleg klart for konkurranseutlysning. Finansiering er statlige programområdemidlar, men er enno ikkje komme med i Statsbudsjettet.

#### Fv. 552 Etablering av trafikksikker og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen

Langs Hatvikvegen skal det etablerast ein trafikksikker og attraktiv gang- og sykkelløysing. Føremålet med prosjektet er å auke trafikktryggleiken på vegen, som har ein kontinuerleg trafikkvekst. Prosjektering vart ferdig hausten 2022. Grunnerverv og godkjenningar i Vegdirektoratet har heldt fram i 2023. Tiltaket vart lyst ut i 2023.

## Øygarden

### Påbegynte eller ferdigstilte prosjekt

#### Kulvert Idrettsvegen

Prosjektet er ferdigstillt og vart opna 3. mai. Samla prosjektkostnad var innanfor tildelt ramme.

#### Kv. 1136 sentrumsgate Grønamyrvegen

Prosjektet vart noko forseinka grunna utvida grunnundersøkingar og naudsynte avklaringar som måtte gjerast før utlysning av anbod. Anbod er gjennomført og kontrakt tildelt entreprenør. Oppstart grunnarbeid første kvartal 2024 og tentativ ferdigstilling er første kvartal 2025.

### Prosjekt under planlegging

#### Sykkelparkering i regionsenteret

Tildelte midlar for 2022/2023 vil bli brukt til utbetring av sykkelparkering på Brattholmen skule og andre sentrumsnære lokalitetar.

#### Bysyklar i regionsenteret

Prosjektet er ikkje starta i 2023. Må vurderast opp mot ny kollektivterminal Straume og løysingar for mikromobilitet i samarbeid med andre partar.

#### Ågotnes Miljøgate

Det er knytt konsulent til oppdraget og planarbeidet har starta opp. Føresetnader for planlegging kan bli endra gjennom Statsforvaltaren si vurdering av plan Kolltveit-Ågotnes. Det blir vurdert å innsnevre planområdet.

#### Fv. 209 Stovevatnet og parsell av Foldnesvegen

Planarbeidet vart utsett grunna gjennomføring av eit parallelloppdrag for regionsenter Straume, som saman med trafikkanalyse/parkeringsstrategi, vil gje føringar for seinare planarbeid. Det er planlagt oppstart av områdeplan for Stovevatnet i 2024.

# Satsingsområde: Kollektiv

*Miljøløftet jobbar for at det skal bli meir attraktivt å reise kollektivt i bergensområdet. Dette gjer vi gjennom investeringar i kollektiv infrastruktur, tilskot til drift av kollektivtransport og andre tiltak som fremjar kollektivbruk.*

*Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2022. Lista er sortert etter prosjektstatus. Merk at fleire av desse tiltaka også bidreg til måloppnåing for andre satsingsområde.*

## Pågåande eller ferdigstilte prosjekt Belønningmidlar til drift av kollektivtransport i 2023

Samla for heile 2023 er det nytta om lag 281 millionar i belønningmidlar. I all hovudsak er desse midlane knytt til å vidareføre tiltak for styrkt kollektivtilbod som er gjennomført tidlegare år. Driftstiltak sett i verk eitt år, vil medføre årleg kostnad kvart år ut avtaleperioden. I 2023 er det nytta 5 millionar kroner til nye tiltak for styrkt kollektivtilbod i byvekstavtaleområdet. Tiltaka er utarbeidd i dialog med kommunane:

### Øygarden

- Styrking av koplinga Ågotnes-Rong/Blomvåg (linje 479)
- Styrking av tilbodet mellom Skogskiftet-Glesvær/Telavåg på kveldstid (linje 458/459)

### Alver

- Styrking av sommarproduksjon linje 300/300E
- Styrking av linje 300

### Askøy

- Linjer frå Øygarden køyrer konsekvent innom Storavatnet terminal, for å betre reisemoglegheiter mellom Askøy, Øygarden og Bergen vest (kostnadane er knytt til nytt køyremønster).

### Bjørnafjorden

- Styrking av linje 600 i mars 2023 for om lag 8 millionar (ikkje finansiert med belønningmidlar). Det er ikkje prioritert fleire tiltak i kommunen i denne prosessen.

### Bergen

- Ekstra avgangar i morgonrush for linje 14
- Ekstra avgang linje 24 i morgonrush

## Tilskot til reduserte billettprisar

Frå 2020 vart det utbetalt eit årleg tilskot til å redusere billettprisar (50 millionar i 2020-kroner). Bruken av desse midlane starta første gong i 2021 til å redusere takstar på periodebillettar. Ubrukt tilskot frå førre år vert sett på fond hjå fylket til seinare års bruk. I fylkestinget i desember 2022 vart det vedtatt at 16 millionar av det ubrukte tilskotet på fond skulle nyttast til takstfrys på 30-dagars periodebillett for buss og bane for første halvår 2023. Denne ordninga vart vedtatt utvida med same beløp for andre halvår 2023 av fylkestinget i juni 2023, totalt 32 millionar i 2023. Resterande midlar på fond ved utgangen av 2023 var på 23,6 millionar kroner.

Av årlege midlar vart det i tillegg nytta 53,1 millionar til å oppretthalde den opphavelige reduserte taksten på periodebillettar i 2023.

## Vedlikehaldstiltak av investeringskarakter for bybanen og trolleybuss

I handlingsprogrammet er det sett av 17 mill. kroner til vedlikehaldstiltak av investeringskarakter for Bybanen og Trolleybuss. Midlane er nytta til ei rekke oppgraderingar langs byggetrinn 1-3 og på trolleybusslinja. Under er ei detaljert oversikt over dei tiltaka som er finansiert av Miljøløftet sine midlar.

### Bybanen

- Oppgradering/etablering av rettspor (Byggetrinn 1/ Kaigaten)
- Oppgradering av ventilasjonssystemer på likeretterbygg (Byggetrinn 1, 2 og 3)
- Oppgradering av elektriske installasjonar (Byggetrinn 1, 2 og 3)
- Oppgradering av kamerasystemer (Byggetrinn 1 og 2)
- Oppgradering av system for rutekoder (Byggetrinn 2 og 3)
- Oppgradering/etablering av signal for vognfremføring i (Byggetrinn 1 - Bystasjonen/Pastaparken)
- Oppgradering av skjermssystemer på vogner
- Oppgradering av overvannssystem (Byggetrinn 1/ Lagunen)

### Trolley

- Oppgradering/utskifting av master for trolley kontaktledningsanlegg (strekning Birkelundstoppen/

sentrum)

- Oppgradering av sporvekselarrangement (Mannsverk depot).

### Bybanen byggetrinn 4 til Fyllingsdalen

Tiltaket vart opna og ferdigstilt i 2022, sluttkostnader i 2023.

### Kjøp av bybanevogner til drift av bybanen linje 2 mellom Bergen sentrum og Oasen

Bybanen linje 2 til Fyllingsdalen ble sett i drift i november 2022, og fylket tinga seks nye vognsett for å drifte linja. Regnskapsførte midlar i 2023 er til avskrivning i samband med låneopptak ved kjøp av vogner.

### Oppgradering haldeplassar

Haldeplassar oppgraderast etter strekningsvise utgreingar. I 2023 har tre haldeplassar blitt oppgradert/etablert og seks haldeplassar er under bygging ved årsskiftet 2023/24. Oppgradering av haldeplassar hever standarden på kollektivtrafikken, gir tilgjenge for alle (universell utforming), styrker trafikktryggleiken og gir ei meir effektiv inn- og utkøyring for busstrafikken. Det er kontinuerleg prosjektering og bygging på posten. I 2023 har prosjektering på strekninga Sædalen, Birkelundstoppen-Midtnestun, Nordås-Søråshøgda og Elveneset-Ulsmågvegen heldt fram. Haldeplass i Breivikdalen-Drotningsvikvegen er tilnærma ferdig prosjektert.

### Fyllingsveien, fortau og framkome kollektiv

Fyllingsveien er utbetra med to køyrefelt og fortau, og har fått eit godt, trafikkikkert tilbod for gåande og syklande som ferdast på strekninga. Bussar kan møtast. Hovudarbeidet i Fyllingsveien starta opp i november 2020, og vart opna våren 2022. Kostnader knytt til sluttoppgjjer er rekneskapsført i 2023.

### Endepunkt Trolley

Det er etablert snumoglegheit og hensetting for busser på Lyngbø og på Birkelundstoppen. Tiltaket er ein del av trolleybussutbygginga på Laksevåg. Kostnader knytt til sluttoppgjjer er rekneskapsført i 2023.

### Mindre kollektivtiltak, enklare tiltak

Tiltak i kollektivtrasear, hovudsakeleg etter strekningsvise utgreingar. Tiltaka betrar ofte framkomme og aukar trafikktryggleiken knytt til kollektivtransporten. Det vil og realiserast tiltak innan universell utforming, som gjer kollektivtransporten tilgjengeleg for fleire, samt tiltak som gjer det meir attraktivt å reise kollektivt. I 2023 har mindre framkometiltak i Eidsvågvegen vore under prosjektering. Tiltaket vil skilte vekk parkering etc., fjerne bergnabbar, gje betre sikt, etablere møteplassar, etc.

### Fv. 5322 Haldeplassar ved Sletten senter bybanestopp

Tiltaket ved Sletten senter omfattar utbetring av eksisterande busstopp langsmed Bybanen (retning nord) og flytting av eksisterande kantstopp (retning sør).

Det eksisterande busstoppet langsmed Bybanen har i dag av-/påstigning på eit smalt fortausareal midt mellom vegbanen og bybanesporet. Busstoppet betjener svært mange reisande. Dette fører til at personar vert pressa ut i skinnesporet til Bybanen når den ankommer stoppet «Sletten» Dermed er tiltaket på busstopp retning nord å auke av-/påstigningsarealet i bredde ved å ta litt av køyrevegen. I tillegg vert det sett opp busskantstein og det vert markert for kantstopp med oppmerking i vegbanen. Av-/påstigningsarealet vert auka og det vert sett opp ledegjerde i bakkant mot bybanesporet, leskur og lagt ledelinjer. Alle tiltak på dette busstoppet er gjort i samarbeid med Bybanen. Tiltaket har vore under prosjektering og grunnverv i 2023.

### Kommunikasjon: Få passasjerar tilbake til kollektivtrafikken

I alt 1 million kroner frå Miljøløftet vart nytta til kampanjar i samarbeid med Skyss for å motivere reisande til å vende tilbake til kollektivtrafikken etter pandemien. Det eine tiltaket var vidareutvikling av ein kampanje Skyss tidlegare hadde hatt på lufta, som vart kalla «Kvardagsluksus» og syner fordelar med å reise kollektivt i staden for å køyre eigen bil, med ekstra vekt på doblinga av bompengerprisar for elbil i mars 2023. Midlane vart også nytta til å lage eit konsept for ein bedriftskonkurranse, og utvikling og lansering av ein kalkulator på nett der folk kan sjå kor mykje det kostar å eige og bruke privatbil. På slutten av året vart det nytta midlar til ein kampanje om det å ha som nyttårsforsett å reise meir kollektivt.

### Kampanje: Haldningsskapande arbeid

Kampanje som vart starta opp i 2022 vart vidareført i 2023, retta mot trafikktryggleik kring skulestart og for å auke tal reisande med buss.

### Prosjekt under planlegging Planlegging av bybanen til Åsane

Bybanetraséen fra Kaigaten i sentrum til Vågsbotn i Åsane er ca. 12,7 km lang, og vil få 14 holdeplasser. Bybanen til Åsane skal være hovedstammen i kollektivsystemet mot Bergen nord, og gi kvalitet og konkurransekraft til bydelens kollektivtilbud. Det er også planlagt for en sammenhengende sykkelløsning på strekningen.



Reguleringsplanene for Bybanen sentrum-Åsane var på høring høsten 2022 og ble vedtatt i Bergen bystyre 31. mai og 27. september 2023. Bybanen Utbygging inngikk kontrakt med prosjekteringskonsulent i juni 2023, og har i 2023 brukt midler fra bypakke Bergen og Miljøløftet til å gjennomføre prosjektering og planlegging av byggetrinn 5 til Åsane. Bybanen Utbygging har blant annet startet lovpålagte straksinnløsninger av private boliger langs den regulerte traseen til Åsane.

Planlegging av byggetrinn 5 har vært finansiert primært med bompenger. Kommuneinterne plankostnader har delvis blitt dekket med overføringer fra Vestland fylkeskommune (gjennom Miljøløftet), og av Bergen kommune.

#### **Fv. 5170 Kollektivfelt Sandslivegen**

Kollektivfeltet frå haldeplass Eldsbakkane i Fv 5170 Sandslivegen til Fv 5186 Dolvikvegen skal gjere busstrafikken på strekninga meir føreseieleg og gi betre framkome. Dette vil også vere gunstig inn mot Dolviken terminal, der mange reisande skal bytte buss. Det er ca. 14 avgangar i makstimen, og køyretidsmålingane viser at forseinkingane er størst i morgonrushet. Forprosjekt var ferdig hausten 2023. Trafikkanalyse er under utarbeiding av Skyss. Utarbeiding av planinitiativ inkl. enkel stadanalyse vil halde fram mot formell planoppstart.

#### **Fv. 5174 Kokstadvegen, sykkel- og kollektivfelt**

Busstrafikken har store framkomeproblem i Kokstadvegen. Kollektivfelt på strekninga mellom BKK og

Ytrebygdsvegen vil betre framkomen for bussane og styrke konkurransekrafta mot bil vesentleg. Tilbodet kan ikkje styrkast før det er betre framkome. Gåande og syklande har i dag eit tilbod i form av fortau, men manglar separering. Det er trong for flettefelt i retning Knappetunnelen. Det er venta stor utbygging i området og det er knytt private forplikingar til realiseringa av tiltaket. Det vert vurdert å styrke kapasiteten i rundkøyringa Kokstadvegen–Ytrebygdsvegen. Førrebuande arbeid for reguleringsplan for kollektivfelt og løysing for sykkel har pågått i 2023.

#### **KDP Bergen vest**

Kommunedelplan for framtidig kollektivløysing frå Bergen sentrum til Bergen vest har pågått også i 2023. Den vart sendt på høyring i mai og oversendt til politisk sluttbehandling haust 2023. Planarbeidet har stor betydning for utvikling av områda Loddefjord, Laksevåg og Dokken. Plan- og bygningsetaten anbefaler at temaplanen følgast opp med utarbeiding av kommunedelplan, areal, for trasé for bybane sentrum – Laksevåg – Loddefjord. Vidare arbeid er førebels ikkje avklart.

#### **Fv. 5216 Loddefjord terminal**

I 2023 har det pågått arbeid med forprosjekt for å avklare ny utforming av terminalen og nytt køyremønster for å auke kapasiteten og gi betre framkome for kollektivtrafikken. Prosjektet omhandlar også gjennomgåande løysing for gåande og syklande. Sykkel manglar tilbod gjennom området. Fylkeskommunen vil spele resultat frå dette arbeidet inn i relevante planprosessar for området i regi av kommunen.

# Satsingsområde: Innfartsparkering

Miljøøftet jobbar ut frå ein felles strategi for innfartsparkering i Bergensområdet. Målsetjinga er at innfartsparkering skal redusere sentrumsretta arbeidsreiser i rushtida, når kø, luftforureining og støy er som mest utfordrande.

Prosjektlista under gjennomgår tiltak det er nytta Miljøøftet-midlar til i 2023. Merk at tiltaka også kan bidra til måloppnåing for andre satsingsområde.

## Prosjekt som var ferdige, eller under bygging


### Bjørnafjorden: Innfartsparkering i Lyseparken ▾

Prosjektet blei ferdigstilt i 2022. I 2023 vart det utført mindre avsluttande arbeid, inkludert 20 nye plassar.

## Prosjekt under planlegging

### Øygarden: Ågotnes innfartsparkering ▾

Det blir arbeidd med å etablere ei innfartsparkering på Ågotnes i tilknytning til kollektivterminal. Deler av finansieringa er sikra gjennom omprioritering av tildelte midlar.



Innfartsparkeringen i Lysefjorden har blitt utvida med 20 nye plassar. Foto: Odd-Helge Henriksen

# Satsingsområde: Miljøvennleg teknologi og innovasjon

*Miljøløftet jobbar for ein overgang til fossilfrie løysingar for kollektivtrafikken, og for å nytte miljøvennleg teknologi og innovasjon til meir effektiv drift og utnytting av eksisterande infrastruktur.*

*Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2022. Merk at fleire av desse tiltaka også bidreg til måloppnåing for andre satsingsområde.*

## OPPGRADERING AV SIGNALANLEGG OG ASP 1

Aktiv signalprioritering (ASP) av buss gir kollektivtrafikken auka prioritet gjennom lyskryss. Prioriteringa skjer ved at sanntidssystem i bussane kommuniserer med signalanlegg på strekninga. Løysninga er allereie implementert i enkelte signalanlegg med gode resultat. Tiltaket går ut på å oppgradere signalanlegga i fylket så dei er tilrettelagt til å brukast saman med både ASP-systemet, men også andre former for ITS (Intelligente transport system). I tillegg til dette blir anlegga sine akustiske signaler (blindesummere) oppgradert, slik at desse er i tråd med dagens krav til universell utfor-


ming. Føremålet er både at bussane skal sikrast betre framkome gjennom kortare køyretid, samtidig skal busstrafikken bli meir føreseieleg. Saman med kortare reisetid styrkast kollektivtrafikkens konkurransekraft og attraktivitet. Det er eit mål at oppgraderingane gir meir driftssikre signalanlegg, som er mindre utsett for feil og avvikssituasjonar.

## SAMKØYRINGSPROSJEKT

I 2023 har Skyss, Askøy kommune og Øygarden kommune jobbet saman om samkjøringsprosjektet. Samkjøring handler om å få flere trafikanter inn i samme bil. Ved å benytte setene som er tomme i privatbiler i dag, kan man få ned antall biler på vegen og samtidig få et supplement til den ordinære kollektivtrafikken. Dette er spesielt viktig i mindre sentrale strøk som har lavere kollektivdekning. Det ble inngått kontrakt med det danske firmaet Nabogo sommeren 2023. En app for samkjøring ble lansert for innbyggerne i Askøy og Øygarden i september 2023. Siden oppstart og frem til uke 2 i 2024 har 1762 personer lastet ned appen og det har blitt gjennomført 10.132 samkjøringsturer.

# Tiltak utanfor satsingsområde

## Trafikktryggleik Bergen




### Trafikktryggleik Bergen

1. Fv5164 Hamrevegen
2. Fv5210 Godvik–Olsvik
3. Fv5214 Mathopsvegen/Hetlevikåsen
4. Fv5302 Tertnes og Kalvatræet skoler
5. Fv585 Årstadveien / Kalvedalsveien
6. Mathopen skolekrets
7. Totlandsveien
8. Ådnemarka skolekrets
9. Fv0556 Ytrebygdsvegen gangfelt
10. Fv0558 Lyderhornsveien
11. Fv0582 Fanavegen v/Harald Skjoldsv.
12. Fv5182 (177) Fleslandsveien
13. Fv5186 Steinsvikvegen
14. Fv5202 Vadmyrveien
15. Fv5208 Kjøkkelvikkv. og Skålevikkv.
16. Fv5294 Ekrevegen/Reinane
17. Fv5306 Haukedalen og Ulsetskogen skolekretser
18. Fv5306 Morvikvegen (Viddalen–Slettestølen)
19. Fv5332 Nygårdsgaten
20. Fv5338 Kaigaten
21. Fv5342 Sandviksveien
22. Fv5352 Thormøhlens gate
23. Fv546 Fanavegen ved Stend VGS
24. Fv578 Eidsvågveien
25. Fv582/5325 Inndalsv./Bjørnsøns gt.
26. Fv582 Nesttunvegen
27. Fv585 Nattlandsveien–Nattlandsfj.–Mannsverk

- Ferdigstilt / under bygging
- Prosjektering

# Tiltak utanfor satsingsområde

## Standardheving med vedlikeholdskarakter, fylkesveg



### Vedlikeholdstiltak

1. Fv. 552 Bøtre bru, Hatvikvegen
2. Fortau Esso Skjoldskiftet
3. Fv. 587 Grimesvingane -straktiltak
4. Krossleitet GS
5. Oppgradering fortau
6. Rekkverk
7. Rekkverk Kringsjøvegen
8. Skjæringer med grensesnitt til myke trafikkanter
9. Hansaparken bru
10. Mur i godviksvingene
11. Fv. 587 Søylen Sundsbrua
12. Oppgradering veg ved Sædalselven
13. Søre Fjellaveien
14. Handtering av overvatn

- Ferdigstilt /under bygging
- Prosjektering
- Planlegging

# Tiltak utanfor satsingsområde/ Andre tiltak

*Miljøløftet jobbar også med tiltak som ikkje sorterer direkte under dei fire satsingsområda, men som like fullt er forankra i og bidreg til å nå nullvekstmålet. Dette kapittelet er sortert etter dei to pottane Trafikktryggleik Bergen og Vedlikehald av investeringskarakter, fylkesveg.*

## Trafikktryggleik Bergen

Arbeidet med trafikktryggleik i Miljøløftet har som mål å få færre drepne og skadde i trafikken i Bergensområdet. I dette arbeidet prioriterast tiltak retta mot gåande og syklande, der tiltak på skuleveg er spesielt vektlagt.

### Prosjekt som var ferdige, eller under bygging

#### Mathopen skulekrets 1

Tiltak og tilrettelegging i kryssingspunkt, flytting av haldeplassar, nye gangfelt kollektivtilpassa fartsdemping, belysningstiltak, universell utforming. Ferdig 2021, sluttkostnader i 2023.

#### Fv. 5302/578 Tertnes og Kalvatræet skulekretsar 1

Kryssingspunkt er tilrettelagt, haldeplassar flytta, nye gangfelt, kollektivtilpassa fartsdemping og belysningstiltak er etablert og universelt utforma. Ferdig i 2022, sluttkostnader i 2023.

#### Fv. 5214 Mathopsvegen/Hetlevikåsen 1

Det er gjennomført sikring av kryssingspunkt, fartsdempande tiltak og etablert veglys.

#### Fv. 5164 Hamrevegen 1

Tiltak ved kryssing sør for Hamre bru, og køyrestert rekkverk langs elva. Fartsdempande tiltak mellom brua og svingen ved Klokkarvatnet. Betre utforming ved kryss mot Kismulvegen/GS-tilbod. Koordinert mot Bergen kommunes VA-tiltak.

#### Fv. 585 Årstadveien/Kalvedalsveien 1

Oppgradert belysningsarmatur frå Ulriksdal til Kalvedalsvegen 43 (ca.) Utført fram til Svartedikseveien før nov. 2022. Resten av strekninga sto ferdig i 2023.

#### Fv. 5352 Thormøhlens gate 1

Det er etablert veglys/intensivlys ved gangfelta mellom O.J. Brochs gate og Nygårdsgaten.

#### Fv. 0582 Fanavegen ved Harald Skjolds vei 1

Utbetring av kryssingspunkt i Harald Skjolds veg. Skuleveg, med fleire uromeldingar.

#### Fv. 5208 Kjøkkelvikevegen og Skålevikveien 1

Kortsiktige tiltak gjennomført i 2023. Fartsdempande tiltak mellom Kjøkkelvik skole og Fæsterbanen. Sikring av eksisterande og nye kryssingspunkt, fartsdempande tiltak og belysning av gangfelt. Omfang av strakstiltak langs Kjøkkelvikevegen er avklart opp mot reguleringsplanarbeid på same strekning.

#### Fv. 5332 Nygårdsgaten 1

Fartsdemping og sikring av gangfelta ved perrongen på Florida bybanestopp. Område med svært høg fotgjengar- og sykkelaktivitet, ma. med siktutfordringar ved gangfelta. Fleire uromeldingar. Mekanisk fartsdemping.

#### Fv. 0556 Ytrebygdsvegen 1

Oppgradering gangfelt. Supplerande tiltak gangfelt ved Storesåta: Veglys, fartsdemping, justering av sideareal.

#### Fv. 5202 Vadmyrveien 1

Oppgradert veglys, forsterka lys ved gangfelt.

#### Fv. 582 Inndalsveien x fv 5325 Bjørnsons gate 1

Komplisert og trangt kryssområde mellom Inndalsveien og Bjørnsons gate med konfliktsituasjonar mellom bybanen og køyretrafikk. Prosjektet har utført tiltak som kryssutforming, oppmerking, etc.

#### Fv. 5192 Totlandsveien 1

Fartsgrensevurdering og fysisk fartsdempande tiltak ved Ulsmåg skule og Midtun. Nytt gangfelt ved gamle Hardangerveien. Pågåande byggesøknad for fortau i 2023.

#### Fv. 5306 Morvikvegen (Viddalen-Slettestølen) 1

Oppgradering av armatur på 3,5 km strekning, intensivbelyse 8 gangfelt, enkle ts-tiltak, etablering av fartspu- ter. Tiltak blir gjennomført og koordinert med Bergen kommune sitt arbeid med utskifting av infrastruktur og

avløpssanering på strekninga.

### Ådnemarka skulekrets 1

Sikring av skuleveg, tiltak og tilrettelegging i kryssingspunkt, nytt fortau og justering av avkøyrsløse på Arnatveit, tilrettelegging av haldeplassar, kollektivtilpassa fartsdemping, belysningstiltak og universell utforming. Del 1 er realisert i 2023, del to vert truleg bygga i 2024.

## Tiltak under prosjektering i 2023

### Fv. 5342 Sandviksveien 1

Fartsdemping (humpar/heva gangfelt), gangfelt ved Pyttergrenden, fartsregulering mellom Sandviken kyrkje og Sjøgaten.

### Fv. 5186 Steinsvikvegen 1

Tiltak på strekninga mellom Steinsvika og Dolvikvegen. Redusert fartsgrense, sikring av kryssingspunkt evt. nye gangfelt, nytt gangfelt ved Steinsvikneset friområde, justering av busshaldeplassar.

### Fv. 5210 Godvik–Olsvik 1

Oppstramming av kryssområde mot Godviksvingane. Byggjast samtidig med «Mur i Godviksvingane».

### Fv. 546 Fanavegen ved Stend vgs. 1

Tiltak mot villkryssing basert på rapport med anbefaling om trafikksikkerheitstiltak. Nye gangfelt, nytt fortausareal, nedsett fartsgrense og kollektivvenleg fartsdemping.

### Fv. 5306 Haukedalen og Ulsetskogen skulekretser 1

Tiltak og tilrettelegging i kryssingspunkt, flytting av haldeplassar, nye gangfelt, kollektivtilpassa fartsdemping, belysningstiltak, universell utforming.

### Fv. 5182 (177) Fleslandsveien 1

Gangfelt i dagens tilrettelagte kryssing nær krysset med Espehaugen. Belysning. Sikre tilstrekkeleg fri sikt mot vest.

### Fv. 0558 Lyderhornsveien 1

Signalregulering av gangfelt ved Laksevåghallen. Endring av skuleskyss/ruteomlegging fører til større bruk av gangfeltet. Dagens gangbru blir omveg, tilfredsstillar ikkje UU og vert vurdert fjerna.

### Fv. 5294 Ekrevegen/Reinane 1

Sikring av kryssingspunkt for mjuke trafikantar ved Reinane i Indre Arna. Skuleveg for elevar frå Mjeldheim til Ådnemarka skule. Fartsdempande tiltak, veglys.

### Fv. 5338 Kaigaten 1

Avklaringsar rundt arkeologi og bybanen vart avklart i

2023 og tiltaket prosjektert. Utvide vegtverrsnitt i Kai-gaten ved Statens Hus for å motverke risiko for kollisjon mellom bybane og rutebussar som svingar inn i Vincens Lunges gate. Fjerne ei lite brukt trapp til gangbru for å gje betre forhold for mjuke trafikantar.

### Fv. 582 Nesttunvegen 1

Tiltak i gangfelt ved nr. 111. Ulykkespunkt. Påkøyring av fotgjengarar. Betre lys, siktforhold, evt. justere fartsdemping.

### Fv. 578 Eidsvågveien 1

Forsterka/intensivlys i gangfelta mellom Eidsvågneset og Eidsvåg. Vert gjennomført parallelt med framkommetiltak for kollektiv.

### Fv. 585 Nattlandsveien - Nattlandsfj. - Mannsverk 1

Tre ulykkespunkt. Vurdering av løysingar for kryssutforming, horisontalgeometri, sikt, veglys, mm.

## Vedlikehaldstiltak av investeringskarakter, fylkesveg

Arbeidet med standardheving av investeringskarakter skal bidra til å halde fylkesvegnettet tenleg, trygt og effektivt. Midla går til tyngre vedlikehald som ikkje kan finansierast over vanlege driftsbudsjett.

Prosjektlista under gjennomgår alle tiltaka det er nytta Miljøløftet-midlar til i 2023.

## Prosjekt som er ferdige, eller under bygging

### Fv. 552 Bøtre bru, Hatvikvegen 1

I samband med etablering av tiltaket i Hatvikvegen skal Bøtre bru oppgraderast. I 2023 har det vore arbeidd med prosjektering og godkjeningsprosessar for ny konstruksjon.

### Hansaparken bru 1

Brua er i svært dårleg forfatning og må utbetrast. Brua er viktig for å sikre framkomme for alle trafikantgrupper, blant anna rutegåande buss. Forprosjekt er utarbeidd. Prosjektering og godkjenning av konstruksjon har heldt fram i 2023.

### Mur i Godviksvingene 1

Mur i Godviksvingane utbetrast og framkomme betrast. Det går rutegåande buss på strekninga og framkomme har vore dårleg. Tiltaket har i 2023 vore under realisering.

### Oppgradering av veg ved Sædalselven 1

Det er stort behov for tiltak då strekninga vert over-

svømt ved flom, som gir store utfordringar for alle trafikantgrupper. Det ligg føre vedteken områdeplan frå 2020 der strekninga inngår. Prosjektering starta i 2023.

### Fortau Esso Skjoldskiftet 1

Fortau forbi Esso på Skjoldskiftet må justerast og fortauskant mot bensinstasjonen må bringast i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Prosjektering og grunntverv har pågått i 2023.

### Rekkverk Kringsjøvegen 1

Dårleg gjerde/rekkverk på strekning over høg mur skal skiftast ut langs fortau mot gravplassen på Laksevåg. Det er høggt utfor og det er kommen mange bekymringsmeldingar, då det er mange skulebarn som ferdast på strekninga. Prosjektering vart initiert seint i 2022 og har pågått i 2023.

### Fv. 587 Grimesvingane - strakstiltak 1

Arbeidet med prosjektering på bakgrunn av forprosjekt strakstiltak på Grimesvingane starta opp i 2023.

### Krossleitet GS 1

Ny GS-veg på 0,8 km og ei busslomme har vore under oppgradering og etablering på Krossleitet i 2023.

### Søre Fjellaveien 1

Framkomme for kollektivtrafikk og anna køyretøy er betra i ein skarp og uoversiktleg sving på søre Fjellaveien. Det er etablert 150 meter med nytt fortau og ein busslomme er oppgradert.

### Oppgradering av fortau 1

I 2023 utførte driftskontraktane oppgradering av totalt 2,997 km fortau, som hadde svært låg standard. Dette er fortau med dårleg dekke, låge kantar, etc. Fortau er oppgradert på desse strekningane:

- Hillerenvegen (Bergen)
- Fromreide (Askøy)
- Austre Sundsvei (Øygarden)
- Steinsvikveien (Bergen)
- Røtingavegen (Bjørnafjorden)
- Hjellestadvegen (Bergen)
- Hardangervegen (Bergen)
- Ervikvegen (Bergen)
- Flaktveitsvingane (Bergen)
- Myrdalskogen (Bergen)

I tillegg er fortau oppgradert i samband med andre investeringstiltak.

### Handtering av overvatn 1

Det er utført tiltak over driftskontraktane for å betre framkome for mjuke trafikantar. Tiltaka er knytt til handtering av overvatn, drenering etc. og er utført på desse stadene:

- Byvegen (Bjørnafjorden)
- Storetveitvegen (Bergen)

- Hardangerveien (Bergen)
- Sanddalsringen (Bergen)

### Rekkverk 1

Fleire strekningar har fått oppgradert rekkverk i 2023. Til saman er 6,521 km oppgradert over driftskontraktane:

- Holmefjord (Bjørnafjorden)
- Eikelandssosen (Bjørnafjorden)
- Venjanaset (Bjørnafjorden)
- Alversundbrua (Alver)
- Manger (Alver)
- Skjelangervegen (Alver)
- Follesevegen (Askøy)
- Klokkekarvik (Øygarden)
- Bjørgeveien (Bergen)
- Straumeveien (Bergen)
- Mobergsbakken (Bjørnafjorden)

I tillegg er rekkverk oppgradert i samband med andre investeringstiltak

### Skjeringar med grensesnitt til mjuke trafikantar 1

1,254 km fjellskjeringar med grensesnitt til mjuke trafikantar er sikra på desse strekningane:

- Skarsvegen (Alver)
- Alvervegen (Alver)
- Alverflaten/Stølen (Alver)
- Rosslandsvegen (Alver)
- Stranda (Alver)
- Tofterøy (Øygarden)
- Hillerenvegen (Bergen)
- Erdal (Askøy)
- Hanøytangen (Askøy)
- Fanavegen (Bergen)

I tillegg er det gjort skjeringar i samband med andre investeringstiltak.

## Prosjekt under planlegging

### Fv. 587 Søylen Sundsbrua 1

Søylen Sundsbrua på Hardangervegen har snart nådd si est. levetid (2030) og har større skader. Brua er særst viktig for å oppretthalde framkome og redusere sårbarheit i trafikkavviklinga i Bergen. Ny bru vil inkludere tilbod for gåande og sykklande, sikre framkome for kollektivtrafikk og annan transport. Grunnboring er utført. Oppstartsmøte var 07.10. 2021, vedtak om formell planoppstart kom i juni 2022. Utarbeiding av planforslag har heldt fram i 2023.



# Effektiv arealbruk

*Gjennom areal- og parkeringsplanar og aktiv knutepunktsutvikling jobbar partane i Miljøløftet for å sikre ei kompakt og miljøvennleg byutvikling som gir mindre behov for personbiltransport i bergensområdet.*

*Byvekstavtalen er ein integrert del av regional og kommunal planlegging. I tråd med føringane i byvekstavtalen skal Regional areal- og transportplan for bergensområdet og Regional plan for attraktive senter i Hordaland, så vel som avtalekommunane sine kommunepolar, oppdaterast slik at dei bidreg til å nå nullvekstmålet for personbiltrafikk i avtaleområdet.*

*Kapittelet gir ein status på Miljøløftet-kommunane sitt arbeid med forpliktingane rundt areal og parkering som ligg i byvekstavtalen. Anna relevant strategi- og planarbeid knytt til satsingsområda til Miljøløftet i 2023 blir óg presentert.*

## Alver kommune

### ARBEID MED AREALPLANLEGGING OG KNOTEPUNKTS-UTVIKLING

Alver kommune har etter kommunesamanslåinga gjort eit omfattande arbeid i prosessen med ny, samla kommuneplan. Samfunnsdelen av denne vart godkjent i mai 2022. Alver opplever ei vesentleg tilflytting til sentrale strøk, samstundes som heile kommunen skal takast i bruk. Kravet om effektiv arealbruk er balansert i den vedtekte samfunnsdelen av KPA, medan den praktiske løysinga på arealbruken vert nedfelt i kommuneplanen sin arealdel. Planprogrammet for arealdelen vart vedteke seinhausten 2022 og i 2023 har det vore arbeid med utgreiingar og kartleggingar basert på mange ulike innspel.

Knarvik er det naturlege hovudknutepunktet for mobilitet i Alver. Det er her planar om omfattande utbygging av tilbod for gåande og syklande i den nye og framtidige Knarvikbyen. Dette skal bli realisert gjennom mellom anna privat-offentlege utbyggingsavtalar, både noverande og nye. Sjølv om det har vore ein del redusert utbyggingsaktiviteter under og etter korona-perioden, har det samstundes vore utført mykje administrativt tilretteleggingsarbeid i 2023, noko som vil føre til konkret anleggsarbeid i åra som kjem. Deler av dette vart starta fysisk opp i 2023, der det inngår gatetun med gjennomgåande gang- og sykkeltrase sentralt i Knarvik.

På slutten av 2023 har det vore prosjekterings- og salsaktivitet på fleire hundre leilegheiter og fleire tusen kvadratmeter forretningsareal. Frå desse vil det vere kort gangavstand til offentleg kommunikasjon med mellom anna ekspressruter og snøggått til og frå Bergen. På Frekhaug pågår også utbygging av sentrale leilegheiter og forretningsareal, med tilsvarande kort avstand til kommunikasjon med buss og båt.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det også definert andre sentra i kommunen og korleis desse er meint å fungere som knutepunkt og autonome sentra, men med god offentleg kommunikasjon til regionsenteret Knarvik og vidare til og frå Bergen.

### ARBEID MED PARKERING

Parkerings situasjonen i Knarvik kan vere utfordrande, særleg for pendlarar. Kommunen har sett i sving ei kartlegging med jamleg dronofotografering for å overvake utviklinga. Dette vil vere nyttig i den vidare strategiske planlegginga for å få fleire over frå personbil til buss og båt. For Knarvik Senter er parkeringsbestemmelsene endra fra 3 timer fri parkering til 2 timer.

## Askøy kommune

### ARBEID MED AREALPLANLEGGING OG KNOTEPUNKTS-UTVIKLING

Askøy kommune er i prosess med rullering av kommuneplanens arealdel og har jobbet med denne i 2023. Planen definerer sentrumsområder og legger føringar for framtidig arealbruk. Den har også krav om at det skal utarbeides mobilitetsplaner i forbindelse med reguleringsplaner. Det arbeides for at planen kan legges ut på høring våren 2024. Det er også arbeidet med en større områderegulering på Byneset, som grenser til regionsenteret Klepppestø. Her legges det opp til transformasjon av et tidligere næringsområde og planen legger til rette for fortetting. Boligene vil være i gang- og sykkelavstand til Klepppestø og kollektivknutepunkt.

### ARBEID MED PARKERING

Kommuneplanens arealdel legger føringar for parkering, inkludert innfartsparkering. Det er gjennomført en utredning for innfartsparkering i Askøy kommune i 2023 og denne er knyttet opp mot arbeidet med kommuneplanens arealdel.

### ARBEID MED ANDRE PLANAR KNYTT TIL MILJØLØFTET SINE SATSINGSOMRÅDE

### Mobilitetsstrategi

Det skal utarbeides en Mobilitetsstrategi for Askøy kommune hvor man ser på flere mobilitetsformer, og hvor gange og sykkel inngår. I 2023 er det arbeidet med kunnskapsgrunnlag for strategien og i 2024 skal det jobbes med selve strategien.

## Bjørnafjorden kommune

Kommunedelplan (KDPA) for Bjørnafjorden vest blei vedteke i 2023. Planen gir klare mål for arealutvikling i senterområda i kommunen og støttar opp om nullvekstmålet. Det er venta ein årleg vekst i folketal på 3 prosent fram mot 2040. KDPA tek tydelege grep for å minimere transportbehovet. Planen legg opp at om lag 40 prosent av veksten i folketal vil kome i regionsenteret Osøyro, inkludert Bjånes og Kolskogen. Lysefjorden blei definert som lokalsenter i planen, og det er lagt opp til at 22 prosent av veksten i kommunen kan skje, medan 25 prosent av veksten kan kome i nærsentera Søfteland, Nore Neset, Søre Neset, Søre Øyane. Tema som mobilitet, handel og tenesteyting skal avklarast for senterområda gjennom felles planlegging.

Det er vedtatt ei parkeringsnorm for arbeidsplassar på 1-2 parkeringsplassar for bil per 100 kvadratmeter. Lysefjorden blir eit nytt lokalsenter i framtida som følgje av nytt kryss til ny E39 og utbygginga av energi- og teknologiparken Lyseparken. Bygging av ny fylkesveg mellom Åsen og Helleskaret er i gang og vil knyte Lysefjorden endå nærare til E39 og Osøyro og Bergen. Det blir samtidig bygd gang- og sykkelveggar. Parkeringsnorm for Lyseparken er 3-6 parkeringsplassar for bil per 1 000 kvadratmeter. Planane sikrar at dei fleste skal kome til dei nye arbeidsplassane i parken med kollektiv, sykling og gange.

Lyseparken blir eit nytt stort kollektivknutepunkt i framtida. I dag har denne haldeplassen ein mykje brukt innfartsparkering. I 2022 var det opparbeida 80 pendlarparkeringar ved busshaldeplassen i Lyseparken før opninga. Denne blei ytterlegare utvida med om lag 20 plassar i 2023. Dei oppmerka parkeringsplassane er som regel fulle på dagtid, og det blir parkert på umerka plassar i tillegg.

I 2023 blei parkeringsstrategi for Osøyro vedteke, og det blei innført parkeringsavgift på tre sentrale parkeringsplassar i sentrum i tillegg til i Giskavollen parkeringshus. Dette er del av det fyrste steget i parkeringsstrategien, og det blir innført parkeringsavgift på fleire parkeringsplassar i 2024. Kommunen arbeida vidare med Områdeplan for Osøyro i 2023. Planforslaget har

med seg transformasjon av eksisterande parkeringsareal, ny kollektivterminal og gang- og sykkeløysingar.

**SYKKELSTRATEGI BJØRNAFJORDEN KOMMUNE**  
Sykkelstrategi for Bjørnafjorden kommunen blei vedtatt i sak 95/2023 i juni 2023. Vi har venta på anbodsprosess i regi av Vestland fylkeskommune for trygg sykkelparkering og vil nytte tildelte midlar til parkeringsboksar.

### STRATEGI FOR GRØNN MOBILITET BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

Vi er i gang med planprosess for ein grøn mobilitetsstrategi. Har utarbeid oppstartsnotat og sett saman prosjektgruppe og arbeidsgrupper. Strategien skal etter planen bli vedteke i 2024.

## Øygarden kommune

### ARBEID MED AREALPLANLEGGING OG KNUTEPUNKTS-UTVIKLING (AREALDEL/SAMFUNNSDEL)

Mange av dei overordna måla og strategiane som er vedteke i kommunen sin samfunnsplan er samanfallande med dei mål og forpliktingar som ligg til kommunen gjennom byvekstavtalen. Samfunnsplanen definerer også senterstruktur for kommunen. Senterstrukturen vil vera førande for prioriteringar av nye prosjekt til komande handlingsprogram. For regionsenter Straume er det gjennomført eit parallelloppdrag for å sjå nærare på løysingar for korleis Stovevatnet kan utviklast saman med etablerte og planlagde strukturar på Straume, etter etableringa av nytt Sotrasamband. Mobilitet og framtidige mobilitetsløysingar for mjuke trafikantar er også ein sentral del av oppdraget og kommunen har starta arbeid med å utarbeide ein trafikk- og mobilitetsanalyse for regionsenter Straume. Kommunestyret har gjort vedtak om at arbeid med arealdelen til kommuneplanen vert starta opp gjennom eit strategisk planprogram, som både skal ta for seg rammene for planarbeidet og prinsipp for arealpolitikken i Øygarden kommune. Det er lagt til grunn ein framdriftsplan med mål om vedtak av arealdelen innan sommaren 2027.

### ARBEID MED PARKERING (PARKERINGSPOLITIKK/BESTEMMELSER)

Overordna bestemmelsar for parkering vil bli eit tema i komande arealdel til kommuneplanen. Inntil kommunen har kome vidare med dette arbeidet er overordna krav til parkering/normer for parkering fastsett i kommuneplanane frå dei tre opprinnlege kommunane. Som ei oppfølging av parallelloppdraget for Straume er det sett i gang eit arbeid med å få framstilt og skildra ulike parkeringsscenario, der kommunen må ta stilling til kva scenario det skal arbeidast vidare med. Arbeidet omfattar og forslag til ulike parkeringsstrategiar.

## ARBEID MED ANDRE PLANAR KNYTT TIL MILJØLØFTET SINE SATSINGSOMRÅDE

Kommunen har eit godt kunnskapsgrunnlag for sykkelstrategi gjennom tidlegare byregionprogram og fylket si kartlegging av infrastruktur for sykkel i regionsenteret. Kunnskapen tar i stor grad utgangspunkt i noverande situasjon og Sotrasambandet med sine gange/sykkelveggar og påkoplingar til eksisterande infrastruktur vil kunne endre desse føresetnadane. Pågåande arbeid med trafikk- og mobilitetsanalyse for regionssenter Straume vil gje føringar for framtidens mobilitet i regionsenteret, og vil bli eit grunnlag for vurdering av framtidige Miljøløftet-prosjekt i området.

# Bergen kommune

## ARBEID MED AREALPLANLEGGING OG KNOTEPUNKTS-UTVIKLING

Bergen kommunes arealdel KPA2018 ble vedtatt i 2019, og bygger opp under en ambisjon om å gå fra bilbasert til kompakt gåby i tråd med avtale i Miljøløftet. Det pågår for tiden en rekke planer som oppfølging av denne:

### Mindemyren

Mindemyren er under transformasjon til Mindebyen. Bybanen til Fyllingsdalen åpnet i 2022, og med en transportkapasitet for 20 000 mennesker baner den vei for realisering av et stort antall boliger og næringsvirksomheter. Områdereguleringsplanen for Mindemyren er delt inn i 25 delområder, og det pågår planer i 18 av disse. Foreløpig er det bybanen og ny kanal som er det mest synlige resultatet. I forbindelse med bybaneutbyggingen er om lag halvparten av vassdraget mellom Solheimsvatnet og Kristianborgvannet åpnet gjennom etablering av en åpen vannkanal.

### Laksevåg

Det pågår arbeid med områdereguleringsplan for Indre Laksevåg for å sikre gode forbindelser mellom Laksevåg, Damsgårdssundet og sentrum. Planarbeidet skal tilrettelegge for mer flerfunksjonelle og aktive leveområder med en tilgjengelig strandsone som viderefører gangakse fra Solheimsviken. Planområdet skal også sikre landingspunkt for ny gang- og sykkelbro til Dokken.

Områdeplan for Laksevågneset skal legge til rette for transformasjon av dagens industriområde til en bydel med boliger, næring og andre funksjoner, som ny ungdomsskole med idrettshall. Det stilles høye krav til

byrom og grønnstrukturer. Det skal legges til rette for gange, sykling og kollektivreiser i dagliglivet der framtidig bybanetrase skal sikres.

